For meg har dette med den toponymiske forskningens samfunnsrelevans alltid vært en kjeppest, sikkert velkjent til det kjedsommelige for mange. Jeg tar likevel sjansen på å gjenta det slik jeg formulerte det på den 9. nasjonale navneforskerkonferansen i Oslo i år 2000: Det er avgjørende viktig at «stedsnavnforskningen kan markere seg som samfunnsrelevant i vid mening, at den kan interessere og engasjere, gjerne knytte an til eller gripe inn i aktuelle diskusjoner, vise at den har en berettigelse også ut over den strengt faglige begrunnelsen. Bredt perspektiv og tverrfaglig samarbeid hører etter min mening hjemme i dette bildet» (Rapport 2000, s. 111). Slående er det i denne sammenhengen at da Oluf Rygh grunnla norsk stedsnavnforskning, var det i sitt opphav som biprodukt av en samfunnsoppgave. Rygh lot seg – svært motstrebende – oppnevne som medlem av Matrikkelkommisjonen av 1878 som skulle revidere landets offisielle matrikkel. Hans oppgave ble det å lede arbeidet med *skrivemåten* av norske gårdsnavn. Da ble det også nødvendig å identifisere og *tolke* navna.

Arbeidet med Stadnamnloven hundre år seinere, og selve loven, forskriftene og det apparatet som ble skapt i denne sammenhengen (pkt. 8 ovafor) var etter min mening viktig for å løfte våre stedsnavn fram i lyset og dermed skape bedre vilkår for toponymisk forskning.

Her må det presiseres at alt dette på ingen måte betyr en nedvurdering av det som tross alt er den harde kjernen i navneforskningen, det språkvitenskaplige: etymologi, avlednings- og sammensetningsformer, lydutvikling osv. Uten dette på plass vil samfunnsrelevansen bare bli munnsvær og svindel.

Fra NORNA-symposiene og de norske stadnamnkonferansene vil jeg trekke fram noen tema og synspunkter som spesielt har interessert meg.

Fra NORNAs niende symposium i København i oktober 1982 om «Bebyggelsers og bebyggelsesnavnes alder» nevner jeg den spennende dialogen mellom navneforskere, arkeologer, kulturgeografer og historikere omkring de eldste landsbyene og gårdene, om kontinuitet, brudd, navnebytte og det kronologiske forholdet mellom landsby og gård (NORNA-rapport 26).

En oppfølging av dette temaområdet, men med en forskyvning av det kronologiske hovedtyngdepunktet framover i tid, var «Namn og eldre busetnad», NORNAs 15. symposium på Hamar i juni 1988. Her ble bl.a. seinmiddelalderens ødegårdsproblematikk trukket inn (Salvesen, Sandnes, Harsson, Gissel), videre gårds grensene (Bjørn Myhre, Mads Widgren) og selve kulturlandskapet. En ekskursjon til det gamle og rike kulturlandskapet i nabobygda Nes gav en god illustrasjon av flere av de nevnte spørsmåla (NORNA-rapport 43).



På NORNAs 16. symposium i Gilleleje, Sjælland i 1990, ble for første gang på disse symposiene det klassiske diskusjonstemaet «Sakrale Navne» tatt opp i full bredde. Her hadde Thorsten Andersson et grundig gjennomarbeidet og godt balansert foredrag om «Kultplatsbeteckningar i nordiska ortnamn». Staffan Fridell stilte spørsmålet «Finns det teofora *-ryd*-namn?», Stefan Brink drøftet et mulig kultisk *\*al* i Norden, Per Vikstrand betydningssinnholdet i det frekvente stedsnavnet *Hov*. Selv prøvde jeg å vurdere Magnus Olsens noe omstridte teorier om sakrale navn i lys av nyere forskningsdebatt. På et par punkter mente jeg å kunne vise at Jöran Sahlgrens kritikk av Magnus Olsen var berettiget, men at Sahlgrens alternative forklaringer var like tvilsomme. Best husker jeg likevel fra dette symposiet Þórhallur Vilmundarson, som i foredraget «Kultnavn eller ej?» går langt i Eivind Vågslids spor (pkt. 4 ovafor) i å avvise sakralt opphav for stedsnavn som neppe noen tidligere har satt spørsmålsteget ved. Et slikt navn var *Nærøy*, navnet på den sentrale øya og det middelalderiske hovedkirkestedet i Naumdølafylke (Namdalen). Þórhallur ville helst forklare navnet som «den nære øya», til tross for at øynavnet i sagaene er belagt i formen «Niardey», i et diplom fra 1293 «Niardoey», i Aslak Bolts jordebok ca. 1430 «Niærdhøiar sysla» og «Nierdøy kirkia», «Næærdøøn» i 1543 (diplom). På 1600-tallet finns belagt uttaleformen «Naløy» (kakuminal *l*). Lydutviklingen av navnet er også hundre prosent regelrett: *Njarðey* > *Njerdey* (eller *Njærðey*) ved progressiv *j*-omlyd, bortfall av *j*: *Nerðøy*, overgang av *rð* til kakuminal *l* og senking av den foregående vokal til *a* gir *Naløy*. Denne gamle, folkelige formen er seinere blitt fortrenget av den litterære *Nærøy*. Spørsmålet om gamle stedsnavn inneholder teofore ledd eller ikke ser ut til å ha en iboende kraft til å drive mange forskere «udi Extremiteter», som Holberg sier.

I 1993 ble «Stadnamn og kulturlandskapet» tatt opp som hovedtema på den nasjonale namnekonferansen på Blindern, med interessante foredrag av bl.a. Botolv Helleland, den svenske navneforskeren Jan Paul Strid, etnologen Arne Lie Christensen, Tuula Eskeland, Anne Svanevik og landskapshistorikeren Vidar Asheim. I deler av norsk stedsnavnforskning har dette temaet i virkeligheten stått sentralt, eksplisitt eller implisitt. Jeg tenker da spesielt på den sterke «Indrebøtradisjonen» i norsk toponymi, der programmet var djupinnsamling av «rubb og stubb» med navn innafør et begrenset område, noe som gjorde at de nær utallige «smånavn» kunne «tale i flokk» (Magnus Olsen). Flertallet av hovedoppgaver om stedsnavn i de første par tiåra etter siste verdenskrigen bygde på dette prinsippet. Det er også et faktum at stedsnavna er tett vevd inn i kulturlandskapet i det gamle samfunnet og selv er en integrert del av dette landskapet. Innsamling og utforskning av slike navn har derfor vært, og er fremdeles en viktig kulturvernoppgave. I dag er det likevel på tam-

pen. Millionvis av slike smånavn er vel i realiteten blitt mekanisert eller modernisert bort.

På navnekonferansen i 1993 ble også *samiske* spor i navnematerialet tatt opp som eget tema. 1970- og 80-åra var perioden da samene og deres kultur for alvor ble satt på dagsordenen i Norge. I enkelte kretser vokste det fram en ren sameufori. Navneledd av ulike slag ble tolket som vitnesbyrd om samer, også i Sør-Norge. På konferansen i 1993 søkte Leiv Olsen å finne tidlige spor etter samer i gårdsnavn på *Finn-* og *Finne-* (*Finnset*, *Finn(e)stad* osv.) også i Østlandets breibygger. Det jeg best husker, er likevel reaksjonene da professor Fjeld Halvorsen viste til et forbud mot «å fara til finnar og spyrja spå» i den eldre Borgartingslovens kristenrett og mente at dette måtte tolkes som et vitnesbyrd om samer på Østlandet den gangen. En stor del av dem som var til stede, svarte med varm applaus og jubel. Sjelden vare i slike sammenhenger!

## 10. Perspektiv

Til slutt vil jeg prøve å knytte sammen noen løse tråder og forlenge en del linjer både bakover og framover i tid.

Mellomkrigstida var selve storhetstida for norsk stedsnavnforskning. Storverket *Norske Gaardnavne* til Oluf Rygh og hans dyktige medarbeidere (K. Rygh, M. Olsen, A. Kjær, Hj. Falk, og flere), et verk som var initiert av Stortinget, hadde rukket å etablere seg solid i den «opplyste allmennheten». Ja, ikke bare det. Medarbeiderne ved *Norske Gaardnavne* hadde også greidd å prege forskningen innafør de historiske og kulturhistoriske fag. Framfor alt var det den geniale og iderike Magnus Olsen som skal ha æren av *det*. Gjennom sine dristige studier over gude- og kulturnavn i førkristen tid, over forhistoriske maktstrukturer og utgamle politisk-administrative sentra, bl.a. i Inntrøndelag og på det sentrale Vestlandet, hadde han satt stedsnavn på dagsordenen for allmennhistorikere (som Koht og Holmsen), religionshistorikere og arkeologer. Navna var kilder som ikke kunne overses for den som drev seriøs forskning i slike fag.

Etter den andre verdenskrigen kunne stedsnavnforskningen ei tid trekke vekslere på tradisjonene fra storhetstida. Romsligere økonomi, bl.a. kanalisert gjennom det nyopprettete Forskningsrådet, gav navneforskningen en gyllen mulighet. Først og fremst gjaldt dette Norsk Stadnamarkiv i Oslo. I ettertid må en kunne stille spørsmål ved om strategien som der ble valgt, var den optimale. Kanskje og kanskje ikke, er mitt svar.

Fra 1970-åra og utover skjer det en sterk utbygging i bredden av stedsnavnforskningen i Norge. Fra 1968 er det fire universiteter i landet som alle kan tilby stedsnavnstudier. Et par av de nye distriktshøgskolene rommer også viktig aktivitet på området. Utbyggingen av universitetene fører til en sterk vekst i tallet på

*hovedoppgaver* med stedsnavn som emne. Fra 1970 til 2006 er det skrevet 110 slike hovedoppgaver i landet (opplyst av Terje Larsen).

Inge Særheim har (i *Namn og Nemne* 22, 2005) vist at det fram til 1995 bare var skrevet tre doktoravhandlinger med stedsnavn som emne i Norge, mens det i tiåret 1995 til 2005 ble godkjent hele ni. Forfatterne var Tuula Eskeland, Kristin Bakken, Gudlaug Nedrelid, Eli Ellingsve, Åse Kari Hansen, Inge Særheim, Tom Schmidt, Vidar Haslum og Berit Sandnes. Både Åse Kari Hansen og Berit Sandnes valgte tema fra de norske kolonisasjonsområdene i vest, mens Tuula Eskeland skrev om finske stedsnavn på de norske finnskogene.

Når en i tillegg trekker inn de mange norske og nordiske samarbeidstiltakene og publikasjonskanalene nevnt foran, blir det da tale om en betydelig utbygging av stedsnavnforskningen i Norge, først og fremst kanskje i bredden, men som doktoravhandlingene viser, også i dybden.

Norske stedsnavnforskere har til dels vært kritisert for å publisere for lite, spesielt internasjonalt, og for manglende teoribevisssthet. Slike synspunkter kom bl.a. fram ved en evaluering som nylig ble gjennomført av navneforskermiljøet i Oslo. Tom Schmidt har vist at det her til dels er tale om misforståelser fra det såkalte «Oppfølgingsutvalgets» side. Men kritikken er ikke ny og bør selvsagt tas på alvor. Når det her tales om *teori*, er det åpenbart tenkt på omfattende teori av generell karakter, som egner seg for å generere forklaringshypoteser. Erfaringene hittil viser at de fleste da tenker på rent *lingvistisk* teori. For navneforskningen blir dette likevel bare delteori. En helhetlig toponymisk teori må også inkludere de stedsnavnsesifikke problemene, noe som ofte blir oversett.

I en diskusjon om navnekonsulentsaken skrev Ingeborg Hoff i 1970: «Hjå oss er stadnamngranskinga vorten eit stykbarn på universiteta» (*Heimen* XV, s. 287–298). Hvis utsagnet var treffende den gangen, er det enda mer karakteristisk for dagens situasjon. Ved dagens norske universitet er studentgjennomstrømning, antall eksamensenheter og målbar effektivitet blitt overordnede mål og også det som utløser penger. I en slik verden vil de nasjonale kultur- og identitetsfag som navneforskningen tilhører, ha store problem med å hevde seg. I de siste åra er også stedsnavnforskermiljøene blitt trappet ned. Ved Universitetet i Trondheim, NTNU, den landsdelen Oluf og Karl Rygh kom fra, er det nå slutt på muligheten til å skrive hovedoppgave om stedsnavn. De nasjonale kulturfag krever langvarig fordypning og modning. Det var ikke uten grunn det tidligere ble sagt om framgangsrike studenter og seinere forskere at de «lå ved universitetet» i en lengre periode.

Å snu den vinden som nå blåser ved universitetene, er ingen enkel sak. Det vi navneforskere kan bidra med, er først og fremst å vise, gjennom forskning, publisering og formidling, at stedsnavn *er* en viktig, ja, umistelig del av den nasjonale kulturarven. Vi bør også la stemmene våre høres klarere i den offent-

lige samfunnsdebatten, og stå sammen med representanter for de andre kultur- og identitetsfaga. Da vil etter hvert motestrømningene som nå skyller over universitetene, vise seg å være bare et blaff.

Jeg takker Eli Ellingsve, Botolv Helleland, Terje Larsen og Tom Schmidt for nyttige kommentarer og opplysninger.



## «Njædel? – hvad er det for et barbarisk Navn?»

*Namnebruken i Alexander L. Kiellands romanar*

*Av Inge Særheim*

*Personal names – first names as well as surnames – seem to have a literary function in the novels of the Norwegian author Alexander L. Kielland (1849–1906). The semantics and the connotations of some names reflect personal qualities and characteristics that fit well with the bearers of the names. Kielland's use of personal names appears to be in accordance with his literary program, the realism, with regard to the use of Scandinavian names, of biblical names and of local names, as well as to the naming traditions in different social classes.*

*Humour, both comedy, parody and irony, is an important element in the novels of Kielland. This also applies to his use of names. Some of his characters are tragicomic. Several names in the novels are identical with names and name elements from the author's hometown Stavanger and the surrounding district. Through the use of personal names in the dialect form the author sometimes demonstrates patronizing attitudes of urban people from the upper and middle classes towards the culture and the naming traditions of the lower classes, particularly the farmers.*

### «Altsaa hedder han ret og slet Nils Vandmo»

«Da Sorenskriveren hørte Angjældendes Navn, sagde han: «Njædel? – hvad er det for et barbarisk Navn?». «Det er det samme som Nils,» indskjød Tofte, som altid var til Tjeneste; «oppe i Heiegaardene siger Folket Njædel for Nils». «Saa – jaaa! men nu er vi ikke i Heien, altsaa hedder

Fyren Nils; hvad mere?». «Vatnemo». – «Vatnemo?» spurgte Sorenskrivere-  
ren utaalmodigt. «I Amtskortet staar Vandmo –» indskjødt Tofte. «Ja natur-  
ligvis! – hvad er dette? Altsaa hedder han ret og slet Nils Vandmo. Vi skal  
ikke have Maalstræv i Protokollerne!» – ved disse Ord saa Dommeren  
strængt udover Folket og siden hen paa Amtmanden, der nikkede bifal-  
dende» (Kielland 1907a:366).

Dette velkjende tekstutdraget frå romanen *Arbeidsfolk* (1881) gjev innsyn i korleis Alexander L. Kielland (1849–1906) bruker personnamn i diktinga si, og korleis han i teksten stundom flettar inn spesiell omtale av namna til personar i romanane. I dette utdraget blir namnet til ein hovudperson i forteljinga kommentert og vurdert av andre romanpersonar, som gjev uttrykk for synspunkt både på namneopphavet, namneforma og skrivemåten. Forfattaren har gjeve Njædel Vatnemo eit særmerkt namn som har nær tilknytning til ein norsk dialekt, og han refererer lokale tradisjonar og oppfatningar som er knytte til dette namnet. Situasjonen som er skildra, og sjølv framstillinga – skrivemåten – vekkjer lått blant mange lesarar; det gjer òg det spesielle namnet og haldningane til det blant andre personar i romanen. Humor er eit mykje nytta verkemiddel i Kiellands romanar og ei viktig side ved diktinga hans (jf. Drangeid 2003).

Den opphavlege tydinga til namnet *Njædel* – namneetymologien – høver godt med eigenskapar som denne romanpersonen har. Difor kan dette også seiast å vera døme på bruk av namnesymbolikk. Også det er eit klart vitnemål om at namnebruken i Kiellands romanar er nøye gjennomtenkt, og at namna har litterær funksjon i diktinga hans.

### Litterær namnebruk

Namna har ofte bestemte funksjonar i diktverka. Det går klart fram av følgjande sitat frå eit brev frå den svenske forfattaren Maria Gripe til namneforskarer Kvillerud (1987:59): «Namnval och alt bestäms av den historia jag vill berätta. Ingenting annat gäller [...] När jag fått reda på gestalternas namn, kan jag börja skriva. Jag vet ju inte hurdana de är, förrän de har fått sina namn.» Gjennom tydinga og konnotasjonane til namna kan forfattaren visa eigenskapar og karakterdrag hjå personane. Gransking av namna er såleis viktig for den litterære analysen. Dette er understreka av litteratur- og namneforskarar i mange land, bl.a. av Kvillerud: «En analys av namnskicket i ett diktverk kan öka litteraturförståelsen» (1985:193).

Ved hjelp av namna kan forfattaren underbyggja spesielle syn i aktuelle stridsaker. Arne Garborg synest t.d. gjennom namnebruken i dei fire Kristiania-romanane og dei fire bøkene om Høve-ætta understreka standpunkt når det gjeld kvinnefrigjerjing, målspørsmålet og den kristne læra (Særheim 2001). Namnebruken

i Garborgs diktning samsvarar elles godt med naturalismens krav om tidrette og truverdige miljøskildringar, bl.a. når det gjeld nordiske og bibelske namn, dessutan lokalmerkte namneformer og ulik namnebruk i ulike sosiale miljø.

Også i Kiellands romanar vil ein venta å finna namnebruk som høver med det litterære programmet hans, realismen. Namna er ein viktig del av miljøskildringa. Ein ventar namneval og namnebruk som er i samsvar med namnebruken i den tidsperioden og det sosiale miljøet som blir skildra. I tillegg kan ein rekna med at fleire namn gjennom tydingar og assosiasjonar speglar eigenskapar ved personane.

I eit essay om namn i romanar skriv David Lodge (1992:37): «In a novel names are never neutral. They always signify, if it is only ordinariness [...] Realistic novelists favour mundane names with appropriate connotations [...] The naming of characters is always an important part of creating them.» Han legg til at namnekonnotasjonane «are supposed to work subliminally on the reader's consciousness».

Andersen (1997:11 f.) viser i eit oversyn sambandet mellom «romanens historie og roman-navnets historie». For realismen dreiar det seg t.d. om «Normale, plausible navn», og for postmodernismen om «Rabulerende, ironisk etymologi». Også i antikken var ein klar over funksjonen til dei litterære namna. Aristoteles (384–322 f.Kr.) skriv t.d. i *Om diktekunsten (Poetikken)*: «når dikterne setter fabelen sammen i overensstemmelse med det som er sannsynlig, setter de også treffende navn på personene» (1987:30).

### Nordiske namn

Forskarar som har granska namnebruken i norske realistiske romanar, har sett på fordelinga mellom personnamn av nordisk språkopphav og innlånte namn. Til den sistnemnde gruppa høyrer bibelske og kyrkjelege namn og namn som er lånte frå tysk, fransk, engelsk eller eit anna språk. Som kjent har bruken av nordiske namn her i landet skifta gjennom tidene, og det har dessutan vore stor variasjon frå landsdel til landsdel, t.d. meir bruk av nordiske namn i Telemark, Agder og Rogaland enn i hovudstaden og kringliggjande område. Frå siste delen av 1800-talet til eit godt stykke ut på 1900-talet tok bruken av slike namn seg sterkt opp som følge av den nasjonale reisinga – gjerne kalla den nordiske namne-ressansen.

Hjå Garborg er det, som venta, langt fleire nordiske namn i Jær-bøkene om Høve-ætta enn i Kristiania-romanane. I dei to siste bøkene om Høve-ætta, *Den burtkomne Faderen* og *Heimkomin Son*, har godt og vel halvparten av personane eit nordisk namn, medan prosentsatsen for dei tre siste Kristiania-bøkene, *Mannfolk*, *Hjaa ho Mor* og *Trætte Mænd*, ligg mellom 10 og 14. (Særheim 2001.)

Det er ikkje mange nordiske personnamn i romanane til Kielland, noko som



vel har samband med det miljøet som han skildrar, med mange representantar for borgarskap, handelsstand og embetsmannsmiljø i ein norsk småby. Men det finst ein skilde representantar for arbeidarmiljø i byen og bondemiljø i omliggjande bygder. Av nordiske personnamn finn ein *Svend* i *Garman & Worse (G&W)*, *Endre* og *Ivar* i *Skipper Worse (SW)*, *Tolleiv*, *Ole (Martinius)* og *Osmund* i *Gift*, *Ivar* i *Sankt Hans Fest (SHF)*, *Tørres* og *Halvor* i *Jacob (Jac)* og *Njædel* i *Arbeidsfolk (Arb)* – altså berre mannsnamn. Kielland har ikkje gjeve kvinnene i romanane sine nordiske namn.

Dei nordiske personnamna i Kiellands romanar er først og fremst nytta om folk frå landsbygda, altså om bønder, som *Njædel Vatnemo* i *Arb*, *Tørres Snørtevold* i *Jac* og *Osmund Asbjørnsen Sauamyren* i *Gift*. Her er namnet ein viktig del av miljøskildringa. Men Kielland har òg gjeve ein skilde arbeidsfolk i byen eit nordisk personnamn, som *Halvor Røidevaag* i *Jac*, i tillegg til haugianarar i bymiljøet: *Ivar Østebø* og *Endre Egeland* i *SW*. Slike namn er med andre ord nytta om folk frå lågare sosiale lag, både om bygde- og byfolk, noko som kan seiast å vera i tråd med realismens krav om truverdige og realistiske miljøskildringar.

Fleire av dei nordiske personnamna har ei klar norsk form, som er i samsvar med norske dialektar, t.d. *Tolleiv*, med diftong, *Njædel* med segmentert konsonant, gno. *ll* > /dl/, dessutan *Osmund* og *Ivar*. Andre har danskpåverka form og normering, som *Svend* og *Ole*.

Av døma ser ein at dei fleste personane med nordisk førenamn har eit stadnamn, i regelen eit gardsnamn, som etternamn. Desse etternamna inneheld namneledd som er velkjende i røynglege norske gardsnamn, t.d. *Østebø*, *Egeland* og *Snørtevold*. Fleire av namna har ei klar norsk språkform som er i samsvar med norske målføre, t.d. *Røidevaag*, med diftong og konsonantutvikling gno. *t* > /d/, *Vatnemo*, med forma *vatn*, og *Sauamyren*, med komposisjonsvokalen *-a-*; jf. òg *Simon Varhoug (Jac)*, med diftong, og *Lars i Berje (SW)*, det sistnemnde inneheld ein lokaliseringmåte som er vanleg i folkeleg norsk språkbruk.

For *Osmund* er òg patronymet teke med: *Osmund Asbjørnsen Sauamyren*, altså namngjeving i tråd med gammal namneskikk på landsbygda. Først nemner ein førenamnet (døypenamnet), det eigentlege personnamnet, deretter patronymet (farsnamnet), og til slutt namnet på garden, bruket eller husmannsplassen der vedkomande bur; jf. *Aasmund Olavsson Vinje*.

### **Bibelske namn og andre innlånte namn**

Medan nordiske førenamn er brukte om folk frå lågare sosiale lag, finn ein bibelske namn i alle sosiale lag. Patriarknamnet *Abraham* er nytta om ein hovudperson i *Gift*, *Abraham Knorr Løvdahl*, som er sonen til professor Carsten Løvdahl. *Abraham* er oppkalla etter morfaren, *Abraham Knorr* i Bergen. Oppkallinga og

bruken av det gammaltestamentlege patriarknamnet markerer tette slektsband og kontinuitet, og gjev lovnad om gode framtidssikter. Dette namnet har opphavleg tydinga ‘far er høg’, i Bibelen tolka som ‘far til mange folk’ ut frå lovnaden om at Abraham skulle få ei talrik ætt. (NPL 15)

Men Abraham i *Gift* lever ikkje opp til dei forventningane som blir stilte til han, særleg av mora, Wenche Løvdahl, som bl.a. står for verdiar som sannings-søking, fri tenking, ektheit, demokrati og målsak; ho er rake motsetninga til mannen sin. Romanen *Gift* er, ifølgje Storstein (1949:64), ei forteljing om «hvordan en sønn blir sin fars sønn» pga. av manglande ryggrad. Ein opprørsrk son blir gradvis temd av farens godleik og omsorg. Abraham blir meir og meir borte i denne romanen og i oppfølgingsboka *Fortuna (Fort)*, som bår fortel ‘tragedien’ om Abraham Løvdahl. Den klare avstanden og motsetninga mellom forventningane til Abraham, som også ligg i namnet hans, og utviklinga til denne personen blir så tydeleg at det nærmar seg ironi, og gjerne parodi og tragikomikk. Dette er eitt av Kiellands mange døme på bruk av humor i tilknytning til namn. Storstein (op.cit. 72 ff.) stiller elles spørsmål om Kielland gjennom Abraham skildrar noko av seg sjølv.

Same personnamnet er nytta om ein person frå det motsette sosiale laget, nemleg Abraham Klokkerdreng (*G&W*), som er gravar. Han blir òg kalla *Abram Fylledreng*, her med ei folkeleg norsk kortform av dette namnet: *Abram*. Også her ser ein døme på at patriarknamnet blir trekt ned – det høge og høgtidelege blir drege ned til det låge og latterlege.

Eit anna døme på bruk av gammaltestamentlege namn i høgare sosiale lag i *Gift* er *Isac*, nytta om Isac Mordtmann i Bergen. Han driv firmaet Isac Mordtmann & Co. Sonen hans, Michal Mordtmann, som er ein viktig person i *Gift*, startar den kjemiske fabrikkjen Fortuna. *Michal* er eit hebraisk namn, nytta om overengelen Mikael i *NT*.

Også det gammaltestamentlege namnet *Jacob* er sentralt i Kiellands roman-dikting, kanskje det viktigaste personnamnet i verka hans. Det er, som kjent, tittel på den siste romanen hans (1891), dessutan namn på ein person i denne romanen, sonen til hovudpersonen Tørres Wold (Tørres Snørtevold) og fru Steiner. I romanen blir det fortalt kvifor faren vel nett dette namnet, nemleg forteljinga i *GT* om patriarken Jakob: «Kjæltringen, der snød sig gennem Livet og endte som Patriark i Himmelen» (Kielland 1908:264). Jakob «forstod sig baade paa Folk og Kretur. Og alting gik godt for ham, og alting var ham tilladt» (loc.cit.). Han tente i sju år for Rachel og fekk henne til slutt. Gjennom namnet – og forfattarens spesielle omtale – blir denne bibelforteljinga knytt til meininga og bodskapen i romanen, og til hovudpersonen Tørres. Dette er eitt av fleire døme hjå Kielland på allegorisering, der namnebruken er sentral. Romanen *Jacob* handlar om oppkomlingen Tørres, «the self made Man», som arbeider seg opp frå tronge hus-

mannskår og låg sosial status, stundom ved bruk av tvilsame metodar. I byen får han arbeid som krambudreng hjå fru Knudsen; der stel han 10 øre av kassen kvar dag. Seinare blir Tørres gift med den fine fru Steiner, og han endar som bankdirektør og stortingsmann. Ifølgje Storstein (1949:58) er Tørres gründer; han representerer den nye kapitalistklassa i samtida (kring 1890).

*Jacob* er òg eit svært viktig namn i Kielland-ætta, som opphavleg kom frå Kjelland i Sokndal. Tippoldefar til diktaren på farssida, Jacob Jansen (Kielland), flytte til Stavanger, der han engasjerte seg i ei raskt veksande forretningsverksemd, og etter kort tid vart ein av dei rikaste mennene i byen. Ifølgje Obrestad (1996:29 ff.) kom nokre av inntektene hans frå smugling. Firmaet hadde dessutan nesten einekontroll over forlisa langs Jær-kysten, noko som gav årvisse og gode innkomer. I eit brev til Bjørnstjerne Bjørnson skriv Alexander Kiellands son, Jens Zetlitz: «Alle mine oldefædre var strandrøvere, men med kongelig ansættelse og dekorerede» (loc. cit.). Firmaet Jacob Kielland (& Søn) blei ført vidare av Jacob Jansen Kiellands eldste son, Gabriel Schanche Kielland, som blei utnemnd til kongeleg agent med justisråds rang, og vart den mest framstående personen i Stavanger. Fleire personar i Kielland-familien som stod Alexander nær, hadde namnet Jacob Kielland, bl.a. ein eldre bror, som var prest, dessutan ein farbror og farfaren.

*Jacob* er elles namn på ein annan sentral person i Kiellands diktning, nemleg Jacob Worse, skipperen som er hovudperson i romanen *Skipper Worse*. Også han er ein ekte *Jacob*, sett i lys av det innhaldet og dei eigenskapane som Kielland legg i dette namnet. Jacob Worse har slått seg opp på sildesalting og skipsfart, og han går inn med nødvendig kapital for å berga gamlekonsulens firma, Huset C. F. Garman, som etter det får namnet *Garman & Worse*. Den aldrande skipperen og enkemannen Jacob Worse blir, som kjent, gift med Sara, dotter til Madame Torvestad frå det strengt pietistiske, lågkyrkjelege miljøet i småbyen. Madame Torvestad er enkje etter forstandaren i brødremenigheita, som har utspring i det pietistiske, protestantiske trussamfunnet herrnhutane. Hennar høgaste ønske er at huset hennar skal vera midtpunkt i den religiøse vekkinga i byen. Initiativet til ekteskapet mellom Sara og Jacob Worse blir teke av madamen, som ved ‘kapringa’ av skipperen ser ein viktig taktisk og – ikkje minst – økonomisk innbringande allianse.

Skipper Worses soneson heiter òg *Jacob Worse (G&W)*. Også han går inn i huset Garman, nemleg ved å gifta seg med Rachel Garman, dotter til ungekonsulen – her får altså Jacob si Rachel. Ifølgje Andersen (1999:57) er det i denne historia Rachel som tener i seks år for Jacob. Jacob Worse i *G&W* er eitt av fleire talerøyr for forfattaren; han er radikal og fritenkjar, men han blir utmanøvrert som leiar i arbeidarforeninga når han blir utsett for filtmetoden til presten Sparre. Jacob får oppviglarstempel, han blir sosialt bannlyst, og han går etter kvart inn i ei meir passiv rolle.

*Sara* i *SW* er døme på at bibelske personnamn òg er knytte til det lågkyrkjelege menigheitsmiljøet i byen. Eit anna døme frå dette miljøet er tenestejenta *Martha*. Bibelske namn er òg nytta av andre representantar for lågare sosiale lag, t.d. *Zacharias Søhusdrenge* i *SW* og *Zacharias Snedker* i *G&W*.

Ein god slump personnamn er lånte frå andre språk, t.d. fransk, tysk, engelsk, latin eller gresk. Somme av dei førekjem i fleire språkkulturar og kan ha følgt fleire vegar inn i språket vårt. I Kiellands romanar er slike namn gjerne nytta om personar som høyrer til høgare sosiale lag. Frå fransk språk kjem t.d. kvinnenamn som *Madeleine* (*G&W*, ho hadde fransk mor; namnet kjem eigentleg frå gresk), *Henriette* (*SW*), *Louise* (*Falck-Olsen, Arb*) og *Constance* (*SHF*; eigentleg frå latin). Kvinnenamnet *Fanny* (*G&W*) kjem frå engelsk, medan *Reinert* (*G&W*) er lånt frå tysk. Fleire namn har opphav i latin eller gresk, i somme høve som avleiing til namn i desse språka: *Marius* (*Gift*), *Caroline* (*G&W*), *Barbara* (*G&W*), *Sofie* (*Falck-Olsen, Arb*).

Garman-familien (*G&W, SW, SHF*) har valt mannsnamn som har kome til Noreg frå andre europeiske språk, gjerne saman med kristne kulturimpulsar, som *Morten* (variant av *Martin*), *Christian Fredrik*, *Richard* og *Gabriel*. Her ser ein fleire døme på kongenamn, både frå det danske (dansk-norske) kongehuset, *Christian Fredrik*, og frå det engelske, *Richard*, noko som høver godt for det fremste handelshuset og den mest aristokratiske familien i byen. Her dreiar det seg om sterke representantar for tradisjon, og gjerne for l'ancien regime – jf. ungekonsulen *Christian Fredriks* vanskar med omstillinga frå seglskuter til dampskip. Nokre forskarar, bl.a. *Storstein* (1949) og *Bæhrendtz* (1952), har peika på at det finst modellar i Kielland-familien for fleire personar i Garman-slekta.

At den gamle skikken med oppkalling av besteforeldregenerasjonen blir følgd i Garman-familien, t.d. *Morten – Morten, Christian Fredrik – Christian Fredrik*, er òg eit teikn på sterk tradisjon og slektstilknytning. Dette ser ein òg i andre slekter, t.d. i *Worse*-familien: *Jacob – Jacob*. Oppkalling var Kielland godt kjend med frå eiga slekt, bl.a. *Jacob – Jacob* og *Jens – Jens*, og dette var sjølvsaugt også eit heilt vanleg fenomen i andre slekter.

### Sosiale skilje

Skiljet mellom ulike sosiale lag kjem òg til syne i namnebruken. Representantar for øvrigheita, særleg embetsmenn – statsrådar, amtmenn, prestar, adjunktar o.a. – blir gjerne omtala med yrkestittel og namn, gjerne berre med etternamnet: *Statsraad Falbe* (*Arb*), *Statsraad Daniel Bennechen* (*Arb*), *Amtmand Hiorth* (*G&W, Arb*), *Bureauchef/Kandidat Delphin* (*G&W, Arb*), *Biskop/Provst Sparre* (*G&W, Gift*), *Pastor Martens* (*G&W, Gift*), *Presten Doppe* (*SHF*), *Professor Carsten Løvdahl* (*Gift, Fort*), *Overlærer Bessesen* (*Gift*), *Overlærer Abel* (*Gift*), *Adjunkt*

*Aalbom (G&W, Gift), Adjunkt Borring (Gift), Lærer Pallesen (G&W) og Kandidat Erik Johnsen (Gift)*. Etternamnet er ofte eit namn på *-sen*, altså eit stivna patronym, som *Bessesen, Pallesen, Johnsen*, eller eit etternamn med utanlandsk – i fleire høve dansk eller tysk – opphav: *Falbe, Bennechen, Martens, Delphin*.

Sjølv var Kielland sterkt bunden til embetsmenn ved slektskap og selskapeleg omgang, men han legg i fleire av romanane sine likevel inn sterk kritikk av denne gruppa. «Han utnyttet sitt intime kjennskap til dem og utleverte dem til deres fiende, folket, med den nære, velunderrettede slektnings tindrende skadefryd,» skriv Storstein (1949:30). I ein artikkel i *Stavanger avis* (1889) skriv Kielland at byen i lengre tid var blitt mishandla av hovne embetsmenn austfrå (op.cit. 53 f.).

Representantar for byborgarskapet, forretnings- og handelsstanden, bankvesenet m.m. er gjerne omtala med føre- og etternamn, i somme høve med førestilt yrkestittel: *Grosserer Ole Johan Falck Olsen (Arb), Bankchef Christensen (Gift, Fort, SHF, Jac), Cornelius Knudsen (Jac), Morten W. Garman (G&W), Christian Fredrik Garman (G&W), Abraham Knorr (Gift), Michal Mordtmann (Gift), Jørgen Kruse (Gift, Fort, SHF)*. Også deira etternamn er til vanleg eit stivna patronym på *-sen*, eller eit etternamn av utanlandsk opphav.

Representantar for lågkyrkjelege menigheiter, haugianarar, brødremenigheita, indremisjonen o.a., blir til vanleg omtala med føre- og etternamn, ev. berre med førenamnet: *Hans Nilsen Fennefos (SW), Nicolai Egeland (SW), Simon Taskeland (SHF), Peder Pedersen (SHF), Sivert Jespersen (SW), Ingebret (SW)*. Etternamnet er anten eit stadnamn (gardsnamn) av kjend norsk type, som *Fennefos, Egeland, Taskeland*, eller eit stivna patronym på *-sen*: *Jespersen, Pedersen*.

I denne gruppa finn ein fleire døme på oppkalling av kjende førebilete, som *Hans Nilsen Fennefos (SW)*, oppkalla etter lekmannsføraren Hans Nielsen Hauge (1771–1824), som starta ei lekmannsvekking innanfor den lutherske statskyrkja. Eit anna døme er *Erik Pontoppidan Egeland (SW)*, oppkalla etter biskop Erik Pontoppidan (1698–1764), ein framstående representant for dansk-norsk pietisme og forfattar av katekismeforklaringa *Sandhed til Gudfrygtighed*, som i lang tid var puggestoff for konfirmantar. I *Gift* rettar Kielland, som kjent, sterk kritikk mot denne typen konfirmantførebuing, og mot latinskulen. Desse to romanpersonane har tydeleg sams drag med dei personane som dei er oppkalla etter. Det ligg òg humor i denne typen namngjeving, bl.a. i samankoplinga av namnet til ein velkjend person og eit etternamn av gardsnamntypen: *Egeland, Fennefos*. Oppkalling finn ein òg i namnet til han som var *duks*, dvs. flinkaste elev, i klassen til Abraham Løvdahl på latinskulen, nemleg *Hans Egede Broch (Gift)* – altså oppkalling av *Hans Egede*, gjerne kalla Grønlands apostel.

Som kjent, hørde Kiellands svigerfar, kjøpmann og skipsreiar Ramsland, til den indre krinsen av haugianarar. Kielland hadde stor vørndnad for denne gruppa, ikkje minst for deira «Sparsomhed, Nøiagtighed og utrættelige Flid» (Kielland

1907a:52). Indremisjonsrørsla til Lars Oftedal hadde han derimot lite til overs for. Storstein (1949:47) skriv: «Det simple hos ham, appellen til det almueaktige, rollen som Guds spesielle venn, og hans grove, hensynsløse maktbegjær, er de trekk hos Oftedal Kielland har brukt for å karakterisere sin Morten Bakstrevre» (dvs. Morten Kruse i *Fort* og *SHF*).

Eit anna døme på oppkalling finn ein i *SW*, der det blir fortalt at Skipper Worses son har fått namnet *Romarino*, etter eit litterært – og svært romantisk – førebilete, historia om Romarino og Miranda. Det er mora til Romarino som har valt dette namnet, som den røffe skipperen er lite nøgd med. Han karakteriserer henne – og implisitt namnevalet – med uttrykk som «forskruet, sentimental» og «romantiske Griller» (Kielland 1907a:36).

Arbeidsfolk i småbyen er oftast omtala berre med førenamnet, i somme høve med yrket som føre- eller (oftast) etterstilt tilnamn: *Kjøkken-Bertha* (*Jac*), *Anders Begmand* (*G&W*), *Zacharias Snedker* (*G&W*), *Zacharias Søhusdrenng* (*SW*), *Abra(ha)m klokkerdrenng* (gravar, *G&W*), *Christian* (kusk, *G&W*), *Per Karl* (kusk, *G&W*), *Rasmus* (bud, *Fort*), *Bertha* (kjøkkenjente, *G&W*), *Marianne* (sydame, *G&W*), *Martha* (tenestjente, *SW*). Andersen (1999:52) peikar på at namna til tre ‘taparar’ i *G&W* er bundne saman ved lydlikskap: *Marianne*, *Martin* og *Madeleine*. Marianne, som er sydame på Sandsgaard, blir ført i ulukka av Morten Garman, men skandalen blir ‘avverga’, som det heiter. Som hemn set Martin, bror hennar, i fylla fyr på ungekonsulens skip like før det skal sjøsetjast.

Det finst òg døme på at arbeidsfolk er omtala med både føre- og etternamn, t.d. *Simon Varhoug* og *Halvor Røidevaag*, båe frå romanen *Jacob*. Her svarar etternamna til norske stadnamn, i nokre høve kjende gardsnamn. I fleire høve dreiar det seg om personar som har kome til byen frå landsbygda for å finna seg arbeid. Simon Varhoug er leiar for arbeidarforeninga «Arbeidernes Ring». Saman med sin «medforløste» Halvor Røidevaag åtvarar han mot å gje støtte til oppkomling-en Tørres Wold.

Bønder og andre folk frå landsbygda er gjerne omtala både med føre- og etternamn: *Per Bratvold* (*G&W*), *Tørres Snørtevold* (*Jac*), *Njædel Vatnemo* (*Arb*), *Kristine Vatnemo* (*Arb*). Patronymet er, som nemnt, teke med for plassguten *Osmund Asbjørnsen Sauamyren* (*Gift*), i samsvar med gammal norsk namnebruk. Slike etternamn er identiske med eller svarar til norske gardsnamn. Også ein god del av førenamna har nordisk språkopphev, t.d. *Tørres* (av *Torgils*), *Njædel* (av *Njål*, eit gammalt lån frå irsk), *Osmund*, medan andre er nyare – stundom norske – former av bibelske og kyrkjelege namn: *Per*, *Kristine*.

*Præsten Opstad* (*Jac*), som kjem frå landsbygda, har sosialt sett arbeid seg opp, og blir følgjeleg omtala med yrkestittelen framom etternamnet, som er av ein vanleg gardsnamntype. Det blir fortalt at han tok namn av garden. Somme personar frå landsbygda blir omtala berre med førenamnet, t.d. *Anders* (*Jac*), i

somme høve med eit tilnamn som gjer greie for yrket, *Tobias Lods (Arb)*, *Kjøkken-Bertha (Jac)*, eller for spesielle karakterdrag: *Tomle-Hans (G&W)*, *Vente-Per (G&W)*, gjeld Per Bratvold).

### Kjønnskilje

Også skiljet mellom kjønna kjem til syne i namnebruken i romanane. Titlar og namnebruk speglar haldningar til kjønna. Arne Garborg var særleg oppteken av korleis bruken av namn og tiltale- og omtaleformer speglar undertrykkjande haldningar overfor kvinna og kvinna sin avhengigskap av mannen. Dette kjem til uttrykk i Kristiania-romanane hans, og han skriv spesielt om det i *Hjaa ho Mor* (1890):

Ægteskape som det no var stelt var ei Avvyrding for Kvinna. Fraa den Stundi ho var vigd var ho ikkje eit Menneskje for seg sjølv lenger; ho var eit Attpaasleng til Mannen og fyrste Tenestgjenta hans ... um elles den fyrste daa. Ho tapte tilmed Retten til aa hava Eigedom; vart lovleg umyndig [...] Sjøelve Namne sitt miste ho, raakande nok. Ho var ikkje noko lenger, og turvte ikkje heite noko heller daa. Ho var berre Fru den og den, Blytek-kjar-Ingeborg, Skulemeistar-Else, Fru «Pastor» Løchen, Fru «Redaktør» Klem. Namnlaus og rettlaus vart ho smett inn i den «kvinnelege» Baasen sin, der ho kovna i Matsutir og Klædebøting; han hadde Verdi for seg; ho skulde passe Gryta (Garborg 1922:190 f.).

Også i Kiellands romanar kjem slike haldningar og rollemønster til uttrykk i namnebruken, sjølv om Kielland ikkje har tematisert dette spørsmålet på same måten som Garborg. Kiellands bruk av namn samsvarar med språkbruken i samtida. Mennene er gjerne omtala og titulerte med det yrket eller den utdanninga dei har:

- *Garman & Worse: Bogholder Svendsen,*
- *Skipper Worse: Havnefoged Snell, Kontrollør Aarestrup, Toldskriver Preuss, Bogholder Kruse, Kaptein Andersen,*
- *Gift: Telegrafist Eriksen, Distriktslæge Dr. Bentzen, Prokurator Kahrs, Bankchef Christensen, Konferentsraad Madvig*
- *Fortuna: Assessor Meinhardt, Fuldmægtig Marcussen, Konsul C.R. With*
- *Sankt Hans Fest: Politibetjent Iversen, Hattemaker Sørensen*
- *Arbejdsfolk: Kopist Mortensen, Extraskriver Hiorth, Redaktør Hansen, Sagfører Boyesen, Konsul Lind, Kandidat Smith, Doctor Johan Bennechen, Student Hansen, Kommandersergeant Knoff, Skorstensfeier Lunde, Høiesteretsbud Paalsen, Oberstløjtnant Grobs*
- *Jacob: Sagfører Dreyer*

Kvinnene er omtala med nemningar som gjer greie for kva for stilling dei har overfor menn, anten *Frøken* og *Fru*, eller *Jomfru* og *Madam(e)*, avhengig av samfunnsklasse. I nokre høve er yrket eller førenamnet til ektemannen nemnt, som *Fru Professorinde Wenche Løvdahl (Gift)*, *Fru Bankchef Christensen (Fort, Jac)*, *Bispinde Hagerup (Jac)*, *Madame Endre Egeland (SW)*.

- *Garman & Worse: Jomfru Cordsen, Madam Rasmussen, Fru/Madam Worse, Fru Garman, Fru Aalbom, Fru Sparre, Frøken Barbara Sparre*
- *Skipper Worse: Madame Torvestad*
- *Gift: Fru Wenche Løvdahl, Fru Gottwald, Fru Bentzen, Fru With*
- *Fortuna: Fru Meinhardt*
- *Sankt Hans Fest: Madam Späckbom, Madam Blomgreen, Madam Eriksen, Fru/Madam Ellingsen, Frøknene Eriksen*
- *Arbeidsfolk: Madam Børresen, Madame Grüner, Madam Lunde, Fru/Madame Gluncke, Fru Falck-Olsen, Fru Hjelm, Fru Adelaide Bennechen, Frøken Hilda Bennechen, Frøken Eveline Nielsen, Mistress Johnson*
- *Jacob: Enkefru Knudsen, Fru Steiner, Fru Jessen, Frøken Krøger, Frøken Thorsen*

### Lokalmerkte namn

Mange lesarar legg merke til at somme namn, både personnamn (føre- og etternamn) og stadnamn, svarar til kjende namn frå diktarens nærmiljø, jf. omtalen av namnet *Jacob* framanfor. Det gjeld òg for namnet til plassguten Osmund Asbjørnsen Sauamyren i *Gift*. Han hadde streva i fleire år for å bli konfirmert:

Ligefra han begyndte i fjorten-femten Aars Alderen at tage Bogen med sig i Heien, hvor han gjætede, og indtil denne Dag havde han tumlet forgjæves med Spørgsmaal og Svar [...] Til Spot for alle og til Sorg for sine Forældre var han blevet gaaende fra Aar til Aar som haabløs Konfirmand – baade hjemme i Landsbygden og nu her, efterat hans Far var flyttet til Byen som Stenmand ved Fabrikken (Kielland 1907b:254 f.).

Overhøyringa går likevel betre enn kapellanen hadde rekna med:

Kapellanen strakte sig fremover og hørte i stigende Forbauselse de gode Svar fra de umuligste Idioter, som han selv havde opgivet; men han gik næsten bagover i Stolen da Osmund Asbjørnsen Sauamyren opløftede sit syngende Bondemaal og foredrog sin store Bravourarie om Evangelii Naa-degaver (Kielland 1907b:282 f.).



Etternamnet til plassguten *Osmund Asbjørnsen Sauamyren* har motsvar i plassnamnet *Sauamyra* /"sauamy:rå/ (skrive *Souemyhren* 1835) frå Madla i Stavanger (Refheim 1981:86 f., 146 f.). Alexander Kielland åtte og dreiv teglverk på Madla i åra 1872–81. Dette skal ha vore svært gode år for han (Nag 1990:63 ff.). I denne perioden tok han til å skriva. Kielland-slekta var gift inn i Smith-ætta, som ei tid åtte heile Madla. Forma til føreleddet *Saua-* høver med madla- og stavangermålet, medan etterleddet – naturleg nok – har dansk normering. Interessant er det elles at han som gjorde opptaket til den første husmannsplassen på Madla (like etter 1637), heitte nettopp *Osmund*. To andre husmenn som budde på Madla på 1700-talet hadde òg dette førenamnet (Refheim loc.cit.). Forfattaren hadde bruk for eit høveleg namn på ein husmannsgut og henta det frå eit miljø som han hadde god kjennskap og nær tilknytning til.

Etternamnet til *Njædel Vatnemo* (*Arb*) svarar til gardsnamnet *Vatnamo* /"vatnamo:/ i Oгна (Hå), skrive *Watnemo* 1563, *Wattnemod* 1567. Det er samansett av orda *vatn* n. 'innsjø' og truleg *mo* m. '(grus)slette'; ev. er etterleddet ordet *mot* n. 'møte(stad)', med bakgrunn i at to vatn møtest ved garden. Kielland hadde også nær tilknytning og god kjennskap til Oгна. *Njædel* /'njæ:d,l/ er ein variant av mannsnamnet *Njål* som har vore vanleg i Rogaland, uttala /'njæ:d,l/ på Jæren og /'nje:d,l/ i Ryfylke. Namnet har segmentert konsonantgruppe, gno. *ll* > /dl/ og vokalutvikling gno. *á* > /æ:/ (og /e:/) pga. *j*-en framom (såkalla progressiv *j*-omlyd). Sakfører Toftes utsegn om at «oppe i Heiegaardene siger Folket Njædel for Nils», har faktisk rot i utbreidde oppfatningar om dette namnet. På heiegardar i Sør-Rogaland var det vanleg at folk som til dagleg vart kalla *Njædl*, var døypte *Nils* og skrivne *Nils*, *Niels* o.l. i kyrkjebøkene (Humberset 1987:9 f.). Denne tradisjonen har tydelegvis Kielland kjent til. Samanblandinga av dei to namna kan skuldast at namnet *Nils* ofte vart skrive *Niels* i kyrkjebøkene, ei form som ikkje ligg langt frå *Njedl*/*Njædl*.

Namneforma *Njædel* er eitt av heller få døme på at Kielland bruker sørvestnorske dialektformer i romanane sine. Eit anna døme finn ein i *G&W*, i skildringa av brannen på skipsverftet: «Da raabte en liden Gutunge fra west end, som var krøbet op i Riggen paa en Jagt udfor et af Søhusene: «Hu' sige! – hu gaar! Hurra! Hu' gaar!» (Kielland 1907a:193). Både pronomenerforma *hu* og presensforma *sige* er i samsvar med stavangerdialekten.

Eit tredje døme finst i *Arb*, der det i den nemnde rettssaka er referert ein folkeleg seiemåte som inneheld gardsnamnet *Njå* i Time og dialektordet *kumle*: «'Sidder Angjeldende i smaa Kaar? – stor Familie? – mange Børn?'. 'Mangfoldige og smaa, hvorsom Komlene paa Njaa – Hr. Amtmand,' svarede Oldemanden» (Kielland 1907a:360). I oppklaringa av kva «Komle» tyder, stiller sakfører Tofte seg til teneste: 'Hr. Amtmanden maa undskylde, det er etslags – etslags Boller af Potates.'. 'Ah! – Kartoffelboller!' – mumlede Amtmanden nedladende» (loc.cit.).

Ein granne til Njædel Vatnemo er kalla *Søren Børevig*. Det er òg nemnt stadnamn som *Børevigsgaarden* og *Børevigsgrinden*, som båe inneheld eit gardsnamn *Børevig*. Dette namnet svarar til *Børeviga* /'bø:revi:gå/ i Stavanger, jf. òg *Børehaugen* /'bø:rehaugen/ frå same området, båe samansette med mannsnamnet *Børe*, ein variant av *Børre*, av gno. *Birgir* (Berntsen 1939:24, 163).

Ein annan sentral person i *Arb* er losoldermann Lauritz Boldemann Seehus. Han er òg med i *SW*, dessutan i boka *Mennesker og Dyr* (1891). Etternamnet har motsvar i *Seehusen*-namnet frå Stavanger, jf. *Seehusens gate*, etter Morten Seehusen, fødd i Holstein 1619; han var i 1670-åra Stavangers rikaste mann (Berntsen 1939:89). I 1673 kjøpte Seehusen halvdelen av Madla-garden. Kielland-slekta var, som nemnt, gift inn i slekta som åtte denne garden (Refheim 1981:48 f.).

Også *Garman*-namnet har parallell i Kiellands nærmiljø. Det er namnet til ei velkjend embetsmanns- og kjøpmannssett i Bergen og Rogaland (Stavanger), bl.a. kjend som eigar av herregarden Utstein, eit eigartilhøve som går attende til 1600-talet. Garmann på Utstein handla med Jacob Kielland. Namnet *Sandsgaard*, som er nytta om den staselege eigedommen til familien Garman, er identisk med namnet på futegarden i Nedstrand, tidlegare kalla *Sand*.

Romannamnet *Worse* blir av mange sett i samband med slektsnamnet *Worsø*, som òg førekjem i Stavanger. Bakgrunnen for *Worsø*-namnet i Stavanger er det danske etternamnet *Worsøe*, som kjem av det austjyske øynamnet *Vorsø*. Ein dansk familie med dette etternamnet busette seg i Stavanger.

Andre namn som svarar til røynglege stadnamn i diktarens nærmiljø, er etternamna til romanpersonane *Madam Torvestad* (*SW*), *Simon Varhoug* (*Jac*) og *Præsten Opstad* (*Jac*), det førstnemnde som sokne-, herads- og gardsnamn på Nord-Karmøy, dei to andre som gardsnamn i Hå, *Varhaug* òg som sokne- og heradsnamn. Etternamnet til *Hans Nielsen Fennefos* har motsvar i gardsnamnet *Fennefoss* i Hornnes (Aust-Agder). Slike namn må seiast å høva godt på personar med den bakgrunnen som er omtala i romanane.

Nokre romanpersonar har etternamn som inneheld kjende namneledd i sørvestnorske gardsnamn. Frå *Jacob* kan nemnast *Spødeland* og *Snørtevold*. Det heiter t.d. om Søhusmanden Simon Varhoug at han var «en from Tilhænger af Olaves Spødeland». Føreleddet i etternamnet *Spødeland* har motsvar i gardsnamnet *Spødavoll* /'spø:davåd,l/ frå Bjerkreim, som vel inneheld gno. *spjót* n. 'spyd', med real bakgrunn i forma til ein teig. Frå denne garden kom den kjende lekpredikanten Knud Spødervold (1791–1848), som var stamfar til fleire frikyrkjeslekter i Helleland- og Eigersund-området, bl.a. dei såkalla perane, larsane og lomelendingane.

Føreleddet i *Snørtevold* har motsvar i gardsnamnet *Snørteland* /'snørtelan/ frå Karmøy, og eit tilsvarande tapt gardsnamn frå Time (*Snørteland* 1616). Det blir fortalt i romanen at Tørres tok namn av garden. Som kjent byter han ut etter-

namnet *Snørteland* med *Wold* fordi det «lød finere». Plassnamnet var med andre ord ikkje 'fint' nok i byen. Det går tydeleg fram av følgjande replikkveksling frå Tørres sitt tidlege møte med handelsstanden i byen: 'Hvad er Deres Navn?' – spurte han med Lorgnet. 'Tørres Snørtevold.' Den unge Dame fik et Anfald og maatte pudse sin Næse henne i en Krog. 'Et velklingende Navn,' sagde den fine Herre» (Kielland 1908:244).

Eit anna døme på namnebyte som har bakgrunn i sosiale ambisjonar, finn ein i *Arb*, der Anders, bror til Njædel, byter ut etternamnet *Vatnemo* med *Moe*. I embetsmannsmiljøet i hovudstaden (Kristiania) er det særmerkte norske gardsnamnet tydelegvis ikkje godt nok. Attgjevinga i denne romanen av nedlatande haldningar i embetsmannsmiljø overfor nedarva norske stad- og personnamn, her *Vatnemo* og *Njædel* – altså overfor norsk språk og kultur – er eitt av mange stikk frå Kielland til embetsmannsstanden.

Frå Kristiania nemner Kielland fleire lokale namn, som *Karl Johan*, *Hovedøen*, *Eidsvoldspladsen*, *Wergelandsveien*, *Slotsbakken*, *Universitetsgaden*, *Grefsen*, *Homansby*, *Gamlebyen*, *Kristianiadalen*, og sjølvsaugt *Kristiania*. Også frå «Byen» eller «Smaabyen» nemner han namn som røyenleg finst i Stavanger, t.d. *Paradis*, *Blåsenborg*, *Strandgaden*, *Byfjorden*, *Byvaagen* (*Vaagen*), *Byveien*, dessutan bygningar og lokale: *Bispens Kapel*, *Arken* (i *Else*), *Klubben*. Men namnet *Stavanger* er ikkje brukt i romanane, sjølv om det er vanleg å identifisera «Byen» og «Smaabyen» med nettopp Stavanger. Som parallell kan nemnast at Garborg heller ikkje tek med namnet *Jæren* i Jær-bøkene sine (*Fred*, *Læraren*, *Haugtussa* mfl.). Mange andre kjende stader er nemnde i Kiellands romanar, som *Egersund*, *Flekkefjord*, *Sætersdalen*, *Mandal*, *Bergen*, *Røldal*, *Tromsø*, *København* og *Paris*.

### Namnetyding og namnesymbolikk

Det språklege innhaldet til somme namn og nemningar fortel om eller gjev assosiasjonar om karaktertrekk eller andre særdrag ved personane, og namna kan difor seiast å ha klare litterære funksjonar. Dette er særleg tydeleg i det store tilfanget av tilnamn. Fleire av tilnamna har eit negativt innhald; i nærmiljøet har dei gjerne som oppgåve å trekkja ned personar som har høg posisjon. I fleire av dei ligg det element av humor – komikk, parodi, ironi – og nid. Det høge og alvorlege blir drege ned til det låge og latterlege. Somme tilnamn har karakter som utnamn.

Namnet på mitt forskningsprojekt är på svenska "Förändringar i namnlandskapet i stadsdelar i Helsingfors med allt större sociolingvistisk variation". (Det engelska namnet är «Transformation of onomastic landscape in the sociolinguistically diversifying neighbourhoods of Helsinki».) Projektet är tvärvetenskapligt: ortnamnen undersöks med såväl språkvetenskapliga namnforskningsmetoder som geografiska forskningsmetoder. Forskarna i projektet representerar både språkforskning (onomastik) och geografi och som koordinatörer för projektet verkar jag och FD Jani Vuolteenaho. I projektet jämförs ortnamnsbruket i olika grupper i Helsingfors samt studeras vad ortnamnen betyder för sina brukare i en urbant föränderlig kontext. Föremålet för undersökningen är hela det namnförråd – både officiella och inofficiella namn – som olika grupper av



stadsbor använder om olika platser i sin vardagliga omgivning. Vid sidan om en dokumentation av de urbana namn som används är målet att via ortnamnen öppna en ny synvinkel på förändringarna i det finska samhället och på vardagen i en stad som blir allt mer mångkulturell. Eftersom namnen studeras ur ett bredare perspektiv som inkluderar förändringar i stadskulturen, eftersträvar vi att anknyta namnskicket och undersökningen av det till mer generella teori-diskussioner inom samhälls-, kultur- och stadsforskningen. Det «språkliga kosmos» (Benjamin 1999:522) som de urbana ortnamnen bildar när man närmar sig dem ur synvinklar som representerar olika grupper av stadsbor, olika identiteter och olika maktstrukturer, tror jag öppnar en unik spegelbild i vilken man kan studera förändringar i dagens finska stadsliv och de betydelse som vi lever med i vardagen. Metodologiskt representerar undersökningen ett kvalitativt forskningsgrepp.

I vår forskning kombineras styrkorna inom språkvetenskaplig och geografisk ortnamnsforskning: språkvetenskapen preciserar våra synvinklar genom en stark materialbaserad, ett socioonomastiskt angreppssätt samt den kunskap om namn som finns samlad i arkiv och i tidigare forskning. Den geografiska forskningen å sin sida bidrar främst med sina nyare kulturteoretiska synvinklar på ortnamn och makt. En grundläggande utgångspunkt för vår forskning är att de stadsbor som bor i Helsingfors storstadsområde som namnbrukare inte utgör en homogen människogrupp. Även om den helhet som det officiella ortnamnsskicket bildar i princip är samma för alla stadsbor vid en given tidpunkt, beror det, hur man börjar använda de vardagliga ortnamnen och vilken betydelse namnen får, på bland annat ens kulturella bakgrund, tidigare livshistoria, bostadsområde och ens sociala nätverk på olika håll i staden. Ur materialsynvinkel är vårt syfte att jämföra bruket samt betydelsen av ortnamn i Helsingforsområdet bland representanter för invånare av olika kulturbakgrund och olika åldersgrupper i två olika stadsdelar. Båda undersökningsområdena representerar historiskt sett olika typer av stadsdelar och kopplas på olika sätt också till den funktionella stadsstrukturen: Berghäll är den traditionella arbetarstadsdelen i centrum av Helsingfors som numera delvis har gentrifierats, dvs. genomgått en statusförhöjning, medan Nordsjö i östra Helsingfors är en havsnära förstad med tunnelbanestation. Denna stadsdel är till största delen byggd på 1970-talet. Nordsjö är också Helsingfors mest mångspråkiga och mångkulturella stadsdel, vilket tillför forskningsresultaten uppgifter om hur personer med utländsk bakgrund och andra modersmål än finska talar om platserna i sin omgivning. Materialet samlas alltså in inte bara bland dem som talar finska utan också bland dem som talar andra språk.

Materialet för undersökningen samlas i huvudsak in genom gruppintervjuer, som man också kunde kalla gruppdiskussioner. Materialinsamlingen är alltså inte traditionell. I synnerhet inom den finländska forskningen har material tidi-

gare samlats in genom att man tecknat upp namn via intervjuer: man har intervjuat enskilda personer och på så sätt tagit reda på vad olika platser heter och möjligen också fått lite information om bakgrunden till namnet. Inom forskningsprojektet strävar vi efter att med hjälp av gruppintervjuerna dels kartlägga information om namnen, dels få en bredare kunskap om miljön i hela området och de betydelser och associationer som hör ihop med detta. Gruppdiskussionerna består av grupper om cirka 4 personer (som till största delen är s.k. naturliga grupper, det vill säga grupper där alla redan känner varandra). Diskussionen är relativt fri även om den följer en temastruktur åtminstone vad innehållet beträffar. Alla diskussioner bandas och transkriberas, eftersom materialet på det sättet är mest användbart.

### 3. Till slut

I min artikel har jag försökt belysa de forskningsteman, forskningskontexter och också de utmaningar som jag anser att namnforskningen står inför i dag och i den närmaste framtiden. Mina exempel kommer från den finska forskningen. Till slut ska jag ytterligare ge en kort repetition av innehållet i min artikel, som också kan karaktäriseras som en lista på önskemål. Jag hoppas att namnforskningen ska sträva efter mer holistiska och teoretiska angreppssätt och att den vid behov också ska kunna beakta hela det ständigt expanderande fältet inom namnforskningen. Samtidigt önskar jag att namnforskarna ska kunna bedriva fruktbart samarbete med representanter för andra vetenskapsgrenar och frimodigt kombinera olika vetenskapsgrenar och också andra språkvetenskapliga perspektiv med namnforskningen. Även för materialinsamlingen är nya idéer och angreppssätt välkomna. De möjligheter som finns i den elektroniska världen för med sig nya möjligheter också för forskningen. Jag tror också att den namnforskning vi bedriver i dag och som fördomsfritt ser framåt kan locka till sig ivriga studerande. Det är också viktigt att se till att studenterna har aktuell och mångsidig kurslitteratur till sitt förfogande.

Och som sista punkt: namnforskningen har utmaningar framför sig men framförallt är det fråga om möjligheter. Nya mångsidiga forskningsfält och angreppssätt bara väntar på att upptäckas av oss namnvårdare!

### Note

- 1) Foredrag halde på Den 11. nasjonale konferansen i namnegransking på Blindern 10. november 2006

## Litteratur

- Ainiala, Terhi 2005: På väg mot urban namnforskning. I: Namnens dynamik. Utvecklingstendenser och drivkrafter inom nordiskt namnskick. Handlingar från den trettonde nordiska namnforskar-kongressen i Tällberg 15–18 augusti 2003. Red. Staffan Nyström. Uppsala. (NORNA-rapporter 80.) S. 13–26.
- Ainiala, Terhi & Pitkänen, Ritva Liisa 2003/04: Finländsk ortnamnsforskning under 1900-talets sista årtionden. I: Namn og Nemne 20/21. S. 7–21.
- Bakken, Kristin 2002: Onomastics and linguistics. I: *Onoma* 37. S. 21–46.
- Benjamin, Walter 1999: *The Arcades Project*. Cambridge.
- Gardiner, Alan 1940: *The theory of proper names. A controversial essay*. London.
- Johansson, Carina (under utgivning): Namnbrukarperspektiv på gatunamn i en mångkulturell förort. I: Namn i flerspråkiga och mångkulturella miljöer. Handlingar från den 36. nordiska namnforskar-symposium i Umeå 16–18 november 2006.
- Kiviniemi, Eero 1991: Analogisk namngivning och den toponomastiska teorin. I: *Analogi i navngivning*. Rapport fra NORNAs tiende navneforskerkongress i Brandbjerg 20–24 maj 1989. Red. Gordon Albøge et al. Uppsala. (NORNA-rapporter 45.) S. 111–118.
- Leino, Antti 2005: In Search of Naming Patterns: A Survey of Finnish Lake Names. I: *Denominando il mondo. Dal nome comune al nome proprio / Naming the world. From Common Nouns to Proper Names*. Red. Dunja Brozovic-Roncevic & Enzo Caffarelli. (Quaderni Internazionali di RION 1. Societa Editrice Romana.) S. 355–367.
- Pamp, Bengt 1973: Kring ortnamns grammatik. I: *Namn och bygd* 61. S. 55–82.
- Pamp, Bengt 1994: Övriga namn och andra. Ett försök till gruppering av egennamn. I: *Övriga namn*. S. 49–57.
- Sjöblom, Paula 2006: *Toiminimen toimenkuva. Suomalaisen yritysnimistön rakenne ja funktiot. (Suomalaisen Kirjallisuuden Seuran Toimituksia 1064.)* Helsinki.
- Zelinsky, Wilbur 2002: Slouching toward a theory of names: a tentative taxonomic fix. I: *Names* 50. S. 243–262.
- Övriga namn. Handlingar från NORNA:s nittonde symposium i Göteborg 4–6 december 1991. Red. Kristinn Jóhannesson, Hugo Karlsson & Bo Ralph. Uppsala. (NORNA-rapporter 56.) 1994.

# Transkripsjon og retranskripsjon

*Av Vigleik Leira*

*The writing of the book *Geografiske navn i flere språk (Geographical names in several languages)* has as a spinoff inspired the author to write this article. He has met with several problems in transcribing names in Greek versions back to names in Latin letters. The one-way (Greek → Norwegian) transcription system adopted by the Norwegian Language Council combined with a selection of foreign (= Non-Greek) names in Greek renderings serves as background for a discussion of how names may/should appear in Latin letters when retranscribed from Greek. Furthermore the author presents some views on transliteration, transcription and retranscription in general.*

## 1. Innleiing

Transkripsjon har me der ord og namn i eit språk blir førte over til språk med andre skriftsystem, t.d. kinesiske namn i engelsk utgåve eller norske namn i russisk utgåve (t.d. Bodø → Будё).

Retranskripsjon kan me seie å ha der transkripsjonsformer blir tekne attende til det opphavlege skriftsystemet, t.d. når gresk Σαρτρ (står både for forfattar-namnet *Sartre* og for bynamnet *Chartres*) blir ført over til *Sartr* og gresk Σικάγο (Chicago) blir ført over til *Sikágo*. Som døma viser, kan dei retranskriberte formene avvike frå dei opphavlege.

At Σαρτρ blir til *Sartr* med latinske bokstaver er greitt. Men kva med *Iráklio* (slik etter systemet vedteke av Norsk språkråd for transkripsjon av namn i nygresk) om det namnet skal først attende til greske bokstavar? Utan anna å halde seg til enn sjølv transkripsjonssystemet er det uråd å seie kva *Iráklio* svarar til i gresk. Begge i-ane kan kvar for seg stå for iota eller eta, for epsilon +

iota eller omikron + iota; o-en kan stå for omikron eller omega. Dei greskkunnige veit at det er *Ηράκλειο* som svarar til *Iráklio*.

Norske idrettsreportarar som dekkjer tv-overførte tevlingar, har ofte vanskar med namn på utøvarar, særleg folk frå Aust-Europa. Dei namneformene dei ser på skjermen eller på draktene, er gjerne transkriberte former tilpassa andre språk enn norsk. For ein reporter utan spesialkunnskapar må det t.d. vere temmeleg forvirrande om der for ein russar eller ukrainar dukkar opp eit namn med utgang på *-yi*. Me er vane med at engelsk *y* ofte står for norsk *j*, jamfør engelsk *Yelena* og *Anya* kontra norsk *Jelena* og *Anja* for russisk *Елена* og *Аня*. Når det gjeld *-yi*, vil det derimot ikkje vere *-ji*, men *-yj* (eventuelt *-ij*) som vil vere passande norsk form. Me har t.d. *Groznyj* som norsk transkripsjon for bynamnet *Грозный*, medan *Groznyi* er ein mogleg engelsk transkripsjon (slik i boka *Russiske navn*). I slike tilfelle kan det vere ei hjelp om der er høve til å gå frå den utalandske (= ikkje-norske) transkripsjonen attende til kjeldespråket. Det vil gje ein peikepinn om korleis namnet blir å handtere i norsk utgåve.

## 2. Translitterering, transkripsjon, retranskripsjon, vidaretranskripsjon

Alle omgrepa har med overføring av skrifteiningar å gjere, frå eit språk til eit anna. Utarbeiding og bruk av system for slike overføringar kan ha ulike formål, men gjeld grunnleggjande det same, det å kunne gje svar på spørsmål av typen «Kva heiter X på Y?», der X står for eit namn eller ord og Y for eit språk.

For språkfolk flest er nemningane *translitterering* og *transkripsjon* velkjende, til liks med omgrepa bak nemningane. Ordet *retranskripsjon* synest derimot ikkje å ha vore brukt i norsk før. Eit søk på nettet gav ingen treff. Forma *retranscription* er i bruk i fransk, men med ei anna tyding enn den eg har gjeve *retranskripsjon*. Petit Larousse forklarar *retranscription* med «Nouvelle transcription». Etter nett-treff å dømme synest tysk *Retranskription* å bli brukt synonymt med *Transkription*.

*Translitterering* (eller *translitterasjon*), stundom kalla *vitskapleg transkripsjon*, siktar mot eit system der einingane i kjeldespråket blir overførte til einingar i målspråket på ein slik måte at ein alltid kan gå attende til kjeldespråket og få nøyaktig dei same formene som ein hadde i utgangspunktet. Om me tenkjer oss to språk med kvart sitt alfabet, men med like mange bokstavar, t.d. 30, ville det vere ganske enkelt å lage eit slikt system ved å la kvar bokstav i det eine språket stå for ein viss bokstav i det andre språket. Det systemet ville og vere reversibelt, kjeldespråk og målspråk kunne bytte plass utan vanskar.

I praksis er det ikkje enkelt å lage eit slikt translittereringssystem. I somme tilfelle lét det seg likevel gjere, langt på veg, men ikkje fullt ut. Eitt døme er ISO-standarden for overføring av russisk til det latinske alfabetet. Med hjelp av *é, ë, ě, š* og teikna ' og " i tillegg til dei latinske grunnbokstavane har ein eit system der

kvar translitterering, nesten utan unntak, eintydig kan først attende til russisk. I systemet står *é* for russisk *э*, *ë* for russisk *е*, *c* for russisk *ц*, *č* for russisk *ч*, *š* for russisk *ш*, kombinasjonen *šč* for russisk *щ*. Dei to fnuttane står for to russiske bokstavar utan eigne lydverdiar, enkeltfnutten for russisk *ь* (blir kalla *blautt teikn*), dobbeltfnutten for russisk *ъ* (blir kalla *hardt teikn*). Nokre døme på korleis det verkar: *Hruščëv* ↔ *Хрущëв*, *L'vov* ↔ *Л'вов*, *S''ezdov* ↔ *Съездов*. Det som øydelegg for eit 100 % perfekt system, er at dei latinske bokstavsambanda *ja, jo, ju* teoretisk sett kan først attende både til *üa, üo, üy* og til *я, ë, ю*. I praksis er det nesten utelukkande den siste russiske bokstavrekkeja som er aktuell. Men bynamnet *Йошкар-Ола*, som gjev *Josjkar-Ola* i norsk transkripsjon og *Joškar-Ola* i ISO-transkripsjon, er eit døme på at iallfall attendeføringa *jo* → *üo* er mogleg.

Translittereringssystem tek sikte på fagfolk. Så langt som datateknikken no er komen med lettvtint veksling mellom alfabet med nokre tastetrykk eller museklikk, kan ein spørje om kor stort behovet er for slike system. I staden for å skrive translittererte former vil det ofte vere enklare å skrive kjeldeformene. Det er fort gjort, også for vitskapsfolk, å skrive feil. Det kan t.d. dømes bli *Hastupaet osen'* (frå ein artikkel side 95 i NOA 15,1992) i staden for *Nastupaet osen'* for russisk *Наступаеt осень* (= det haustast). Også i artiklar bør ein kunne følgje praksisen frå lærebøker med veksling mellom alfabeta.

*Transkripsjonssystem* tek sikte på ålmenta. I omsett litteratur, i aviser, i reisekatalogar og i teksting på tv-skjermen må ein halde seg til sitt eige språk og alfabet. Det gjeld mykje meir å presentere namneformer som er (tilnærma) lesbare og gjenkjennbare for folk flest enn å bruke former som gjev vink om korleis skrivemåtane er i det framande språket. Dermed opptre t.d. *Пушкин* i mange variantar i vesteuropeiske språk, jamvel om dei alle nyttar det latinske alfabetet: *Pouchkine* (fransk og portugisisk), *Puschkin* (tysk), *Pushkin* (engelsk og spansk), *Pusjkin* (dansk, norsk, svensk), *Puškin* (italiensk). Den greske forma er *Πούσκιν*, som i transkripsjon etter språkrådssystemet gjev *Poúskin*.

Ved utarbeiding (og eventuelt seinare justering) av eit transkripsjonssystem må fleire omsyn vegast mot kvarandre: uttale i kjeldespråket, uttale i målspråket, skrivemåte i kjeldespråket, skrivemåte med tradisjon i målspråket. Konsekvens på eitt felt kan gje inkonsekvens på eit anna. Jamvel om systemet stort sett skal nyttast éin veg, frå kjeldespråket til målspråket, bør ein ikkje sjå heilt bort frå retranskripsjon, dvs. transkripsjon attende til kjeldespråket.

Forholdet endonymi/eksonymi kan og spele inn. I dei seinare tiåra på 1900-talet har haldninga i norsk språkkrøkt vore at ein mest mogleg skal bruke endonyme former når det gjeld namn i språk som nyttar det latinske alfabetet. Det synet kan slå over på kva slags former ein vil ha/godta i transkripsjon av namn i språk som ikkje bruker det latinske alfabetet. Sia me t.d. allereie har ei mengd av stumme *h*-ar i utalandske namn, er det eit argument for å kunne godta stum-

me *h*-ar også i transkriberte namneformer. – Transkripsjonssystem er/blir gjerne kompromissprega på ein del punkt.

*Retranskripsjon* har me bruk for når transkriberte former skal først attende til kjeldespråk, t.d. når ein på norsk skal gjere greie for kva *Moskva* og *Iraklio* heiter på høvesvis russisk og gresk.

*Vidaretranskripsjon* kan me seie å ha når me t.d. på norsk med latinske bokstavar skal vise til kva russiske namn heiter på gresk, og kva greske namn heiter på russisk: *Хабаровск* (russisk kjeldeform) → *Χαμπαρόφοσκ* (gresk transkripsjon) → *Khabarófsk* (vidaretranskripsjon til norsk); *Νάξος* (gresk kjeldeform) → *Наксос* (russisk transkripsjon) → *Naksos* (vidaretranskripsjon til norsk). Gresk *Khabarófsk* (norsk *Khabarovsk*) og russisk *Naksos* (norsk *Náxos*) syner at vidaretranskripsjon kan vere naudsynt når tre språk og tre skriftsystem er inne i biletet.

### ***Transkripsjon av russisk***

I 1970 vart språknemndene i Danmark, Noreg og Sverige samde om eit felles transkripsjonssystem for russisk. Berre for bokstavane *ч* og *щ* skilde ein lag, med *tsj* og *stsj* som norske transkripsjonar og *tj* og *sjtj* som danske og svenske; jamfør t.d. norsk *Tsjekhov* kontra dansk og svensk *Tjekhov* for russisk *Чехов*, norsk *Khrustsjov* kontra dansk og svensk *Khrusjtjov* for russisk *Хрущёв*.

1970-systemet skil ikkje mellom ustemde og stemde *s*-lydar, i transkriberingane blir *s* brukt både for russisk *с* og russisk *з*. Det vil seie at ein på dette punktet lét fonologien i målspråka vege tyngre enn uttale og skrivemåte i kjeldespråket. Det verkar rart i og med at *z*-en er til stades i alfabetet og allereie var i bruk i transkripsjon frå russisk, t.d. i bynamnet *Kazan*. Retranskripsjonsargument kom og på banen. Med bruk berre av *s* kunne ein t.d. ikkje vite om *Sakharov* stod for *Сахаров* eller *Захаров*. I Sverige gjekk ein temmeleg raskt vekk frå systemet på dette punktet og rådde til bruk av *z* som før. I Noreg følgde Norsk språkråd etter i 1995 med ei revisjon av 1970-systemet. Dei viktigaste endringane var innføring av *z* og *zj* i transkripsjon av russisk *з* og *ж*, dessutan *sjtsj* (i staden for *stsj*) for russisk *щ*. Dermed kunne *K(h)rustsjov* bli til *Khrusjtsjov* igjen, slik han var før 1970.

Systemet no fungerer stort sett bra. Ein kan rett nok ha innvendingar, t.d. sjå det som ein inkonsekvens at russisk *e* blir transkribert med både *e* og *je*. Men oppsplittinga dekkjer russisk og norsk uttale på ein langt betre måte enn kva konsekvent bruk av *e* ville gjere, jamfør *Jelena* kontra *Elena* for russisk *Елена*.

### ***Transkripsjon av gresk***

I 1997 byrja Norsk språkråd å arbeide med å lage eit transkripsjonssystem for namn i nygresk.

Det første fagnemnda i Språkrådet tok stilling til, var om ein skulle gå inn for eit translittereringsprinsipp eller eit transkripsjonsprinsipp. Alternativet med translitterering fall.

Ein gjekk inn for transkripsjon bygd på desse omsyna i rangert rekkjefølgje: 1) uttale i målspåket (norsk), 2) uttale i kjeldespråket (gresk), 3) namn med tradisjon i norsk, 4) skrivemåte i kjeldespråket.

Det endelege resultatet av arbeidet ligg føre i Språkrådet si årsmelding for 2001. Det ligg og ute på Språkrådet sine nettsider (<http://www.sprakrad.no/upload/9261/Gretran.pdf>). Dessutan har eg teke det med som eit siste punkt i slutten av denne artikkelen.

Med «namn i nygresk» er det naturleg å tenkje på t.d. stadnamn som *Iraklio* og personnamn som *Papandréou*. Ikkje-greske namn i gresk utgåve er noko anna. Spørsmål som kva ein skal gjere med t.d. *Τσαυτ*, den greske utgåva av statsnamnet *Tsjad*, var dermed slett ikkje inne i biletet under utarbeidinga av systemet.

Kor brukande systemet er, og om det får stort gjennomslag, får tida vise. Om der skal komme ei justering seinare, bør ein vel også sjå litegrann på retranskripsjon frå greske former til latinalfabetiske former.

Eg vil kommentere nokre punkt i systemet. Transkripsjonen av ypsilon med *y* står i motsetnad til *i*-transkripsjonen av *ει*, *η*, *ι* og *οι*. Argument for *y*-transkripsjon er at *y*-en har sterk tradisjon bak seg i mange namn, vidare gjev det eit alternativ mindre når *i*-en i norsk eventuelt skal retranskriberast til gresk. Praksis i dag skiftar mykje, t.d. både *Zakynthos* og *Zakinthos*. Derimot har eg berre sett *Nidri* (turiststad på Levkåda) for *Νυδρι*. Med *i*-transkripsjon av ypsilon vil der vere meir konsekvens i systemet, og ein slepp å hugse på at *y*-en skal uttalast *i*.

*Levkåda* (← *Λευκάδα*) heiter øya no, men i reisekatalogane er det berre *Lefkas*. Poenget her er elles *ev* kontra *ef* i transkripsjon av *εβ*. I utlyd og føre ustemd konsonant blir det *f* i uttalen av *v* i sambanda *av* og *εβ*. Nett det er noko som ofte er teke vare på i transkripsjon, t.d. i former som *Glafkos* (← *Γλάυκος*) (førenamn) og *Nafplio* (← *Ναύπλιο*) (bynamn). Språkrådssystemet held derimot på *av* og *εβ* i slike tilfelle. Det kan jamførast med transkripsjon av russiske namn. Der byter ein heller ikkje ut konsonantbokstavane i tilsvarande tilfelle der russisk uttale skiftar.

Gresk gamma og den latinske *g*-en er problembokstavar med svært skiftande uttalar. Med innføring av *j* der den greske uttalen har *j*, t.d. i *Éjina* og *Ajia Nápa*, har ein iallfall fjerna ein del tvilstilfelle og er komen eit stykke på veg med uttalletleing.

Bokstaven *χ* har *khi* som norsk namn og *kh* som transkripsjon etter språkrådssystemet. Norsk skil her lag med dansk og svensk som transkriberer med *ch*, t.d. *Chania* kontra norsk *Khaniá*. Med tanke på uttalen i tysk kunne ein hevde at *ch*



skulle vere ein grei transkripsjon også på norsk. Men påverknad frå engelsk synest å ha gjeve [ʃ] som ein slags standard i norsk uttale av bokstavsambandet *ch*, jamfør ein vanleg uttale av det italienske vinnamnet *chianti*.– Eit alternativ til *kh* kan vere *h*. I norske reisekatalogar har t.d. skrivemåten *Halkidiki* vore nytta ein del. At ein i gresk transkriberer den latinske *h*-en med  $\chi$  (t.d. *Hammerfest* → *Χάμμερφεστ*) er og eit argument for den omvende transkripsjonen  $\chi \rightarrow h$ .

### 3. Retranskripsjon frå gresk

#### 3.1 Retranskripsjon av bokstavrekkjefølgja *vt*

Etter språkrådssystemet skal *vt* transkriberast med *d*, men med *nd* i innlyd etter vokal. *Triánda* av *Τριάντα* (turiststad på Ródos) er gjevne som døme. I transkripsjon av latinske bokstavar er ikkje *vt* eintydig. Rekkjefølgja står for fleire ting: *d*, *nd*, *nt*. Den utbygde rekkjefølgja *vtz* kan på si side stå for *nc*, *nch* og *nz*. Rekkjefølgja *vtz* kan stå for *ng* (som i *Los Angeles* → *Λος Άντζελεζ*).

Dei greske formene nedafor er gjevne etter AEI, EEL og NEGA (sjå litteraturlista).

<b>d</b>	>	<b>vt</b>	>	<b>?</b>
Barbuda		Μπαρμπούντα		Barboúnda/Barboúda
Bangladesh		Μπαγκλαντές		Banglandés/Bangladés
Barbados		Μπαρμπάντος		Barbándos/Barbádos
Bordeaux		Μπορντώ		Bordó
Broadway		Μπρόντγουεϊ <sup>1)</sup>		Bróndgouei/Bródgouei
Dachau		Νταχάου		Dakháou
Dhaka		Ντάκα		Dáka
Dijon		Ντιζόν		Dizón
Dortmund		Ντόρτμουντ		Dórtmound
Dubrovnik		Ντουμπρόβνικ		Doubróvnik
Florida		Φλόριντα		Flórinnda/Flórinnda
Madras		Μαντράς		Mandrás/Madrás
Oder		Όντερ		Ónder/Óder
Riad (ty. form)		Ριάντ		Riand/Riád
Szeged		Σέγκεντ		Ségend/Séged
Trinidad		Τρινιντάντ		Trinindánd/Trinidad
Tsjad		Τσαντ		Tsand/Tsad

Retranskripsjonane ovafor har to alternativ i mange av tilfella. Alternativet føre skråstreken viser kva retranskripsjonen blir ut frå språkrådssystemet. Alternativet etter skråstreken tek omsyn til utgangsforma i latinske bokstavar (og uttalen i gresk?).

Former som *Flórinða* og *Trinindánda* i attføring til latinske bokstavar verkar mildt sagt noko underlege. Men om dei greske skriftbileta *Φλόρινα* og *Τρινιντάνα* faktisk styrer uttalen i vanleg gresk og gjev nasal pluss stemd dental (her og i andre slike tilfelle), blir jo retranskripsjonane etter språkrådssystemet passende likevel.

<b>nd</b>	>	<b>ντ</b>	>	<b>nd</b>
Burundi		Μπουρούντι		Bouroúndi
Dortmund		Ντόρτμουντ		Dórtmound
Falkland (Islands)		Φώκλαντ (Νίσοι)		Fókland
Rwanda		Ρουάντα		Rouánda
Shetland		Σέτλαντ (Νίσοι)		Sétland

I disse tilfella er retranskribering med *nd* uproblematisk.

<b>nt</b>	>	<b>ντ</b>	>	<b>?</b>
Antilles		Αντίλλες		Andíllēs/Antíllēs
Antiokia		Αντιόχεια		Andiókhia/Antiókhia
Argentina		Αργεντινή		Arjendiní/Arjentiní
Coventry		Κόβεντρι		Kóvendri/Kóventri
Mantova		Μάντουα		Mándoua/Mántoua
Nantes		Νάντη		Nándi/Nánti
Piemonte		Πεδεμόντιο		Pedemóndio/Pedemóntio
Trento		Τρέντο		Tréndo/Trénto

Om den greske uttalen i slike utalandske namn har *nd* for *ντ* i likskap med det ein kan ha i greske ord, er det klårt at retranskriberinga må bli med *nd*. Men i første omgang verkar det underleg med t.d. *Arjendiní* og *Kóvendri*.

I boka mi har eg ført *ντ* attende til *d*, *nd* og *nt* i samsvar med stavemåtane i utgangsformene.

<b>nz</b>	>	<b>ντσ</b>	>	<b>nts</b>
Linz		Λιντς		Lints
Mainz		Μάιντς		Maints

Rekkjefølgja *ντσ* må ein her sjå som eit samband av *v* pluss *τσ*, ikkje som *ντ* pluss *σ*. Dermed blir det *Lints* og *Maints* som retranskriberte former.

<b>nc</b>	>	<b>ντς</b>	>	<b>nts</b>
Valencia		Βαλέντσια		Valéntsia

Også *Βαλένθια* er gjeve som gresk form. Det gjev *Valénthia* i retranskripsjon.

<b>nch</b>	>	<b>ντς</b>	>	<b>nts</b>
Manchester		Μάντσεστερ		Mántsester
Heller ikkje her vil det passe med <i>d</i> i ei retranskribering. Det må bli <i>Mántsester</i> .				

### 3.2 Retranskripsjon av μπ

Problema her er parallelle med dei for ντ. Sambandet μπ står for *b*, *mb* og *mp*. Transkripsjonen for postvokalisk μπ er *mb* i språkrådssystemet. Til liks med det eg har gjort med ντ, har eg ført sambandet μπ attende til bokstavbruken i utgangsfornene. Det vil seie at retranskripsjonen μπ → *b* er brukt både i initial, postvokalisk og postkonsonantisk posisjon.

<b>b</b> (postvokalisk)	>	<b>μπ</b>	>	<b>b</b>
Aberdeen		Αμπερντίν		Aberdín
Alabama		Αλαμπάμα		Alabáma
Aruba		Αρούμπα		Arouba
Athabasca		Αθαμπάσκα		Athabáska
Debrecen		Ντέμπερετσεν		Débretsen
Dubrovnik		Ντουμπρόβνικ		Doubróvnik
<b>b</b> (initial og postkonson.)	>	<b>μπ</b>	>	<b>b</b>
Albany		Ωλμπανυ		Ólbany
Alberta		Αλμπέρτα		Albéta
Augsburg		Αουγκσμπουργκ		Áougsbourg
Barbuda		Μπαρμπούντα		Barboúda
Bahamas		Μπαχάμες		Bakhámes
Balaton		Μπάλατον		Bálaton
Bamako		Μπαμάκο		Bamáko
Barbados		Μπαρμπάντος		Barbádos
Durban		Ντάρμπαν		Dárban
<b>mb</b>	>	<b>μπ</b>	>	<b>mb</b>
Colombo		Κολόμπο		Kolómbο
Gambia		Γκάμπια		Gámbia
Lubumbashi		Λουμπούμπασι		Louboúmbasi
Mbabane		Μπαμπάνε		Mbabáne
Mbandaka		Μπαντάκα		Mbandáka
Zambia		Ζάμπια		Zámibia
<b>mp</b>		<b>μπ</b>		<b>mp</b>
Campania (region i Italia)		Καμπανία		Kampanía

Kampala	Καμπάλα	Kampála
Kuala Lumpur	Κουάλα Λουμπούρ	Kouála Loumpoúr
Lampedusa	Λαμπενούζα	Lampedoúza
<b>nb</b>	<b>μπ</b>	<b>mp</b>
Canberra	Καμπέρ(ρ)α	Kambér(r)a

Dette må sjåast som eit særtilfelle. Her kunne ein ha venta bokstavrekkjefølgja *νμπ* i gresk, jamfør *Oldenburg* → *Όλντενμπουργκ*. Det ligg nær å anta ein assimilasjon som er blitt skriftfesta, jf. norsk *kromprins* for *kronprins*. – EEL og NEGA har skrivemåten *Καμπέρα*, *ΑΕΙ Καμπέρα*

### 3.3 Retranskripsjon av γκ

Gamma + kappā er den vanlege greske transkripsjonen av den latinske *g*-en der han har ordinær uttale (som i *god* og *bog*). Gamma + kappā er og brukt i greske ord og namn med tilsvarende uttale. Men *γκ* kan også vere transkripsjon av *ng*. Etter språkrådssystemet skal *γκ* transkriberast med *ng* i innlyd etter vokal. Eg har følgd prinsippet frå *ντ* og *μπ* og fordelt *g* og *ng* etter stavemåtane i utgangsformene.

<b>g</b>	>	<b>γκ</b>	>	<b>g</b>
Aconcagua		Ακονκάγκουα		Akonkágoua
Ghana		Γκάνα		Gána
Jugoslavia		Γιουγκοσλαβία		Jougoslavía
Klagenfurt		Κλάγκενφουρτ		Klagenfourt
Lugano		Λουγκάνο		Lougáno
Salzburg		Σάλτσμπουργκ		Sáltzburg

<b>ng</b>	>	<b>γκ</b>		<b>ng</b>
Angola		Αγκόλα		Angóla
Angoulême		Αγκουλέμ		Angoulém
Petsjenga		Πετσέγκα		Petsénga

Den franske regionen *Provence* har *Προβηγκία* som gresk namn. Det gjev *Provingía* i transkripsjon (ikkje retranskripsjon). *Προβηγκία* må vere ei gammal form, jamfør latin *Provincia*. Den greske forma av *Aix-en-Provence* er *Αιξ-αν-Προβάνας*, som i retranskripsjon gjev *Eks-an-Prováns*.

<b>ng</b>	>	<b>νγκ</b>		<b>ng</b>
Angara		Άνγκαρα		Ángara

Göttingen	Γκέτινγκεν	Géttingen
Santo Domingo	Σάντο Ντομίνγκο	Santo Domíngo
Serengeti	Σερενγκέτι	Serengéti
Stavanger	Σταβάνγκερ	Stavánger

Alle desse namna finst og i variantar med  $\gamma\kappa$  i staden for  $\nu\gamma\kappa$ . I og med at *g*-en åleine har transkripsjonen  $\gamma\kappa$ , kunne rekkjefølgja  $\nu\gamma\kappa$  vere det logiske tilsvaret til rekkjefølgja *ng*. Men tevlinga mellom  $\gamma\kappa$  og  $\nu\gamma\kappa$  som gresk transkripsjon av *ng* synest å gå i favør av  $\gamma\kappa$ , jamfør at statsnamnet *Angola* berre(?) har forma *Αγκόλα*.

### 3.4 Retranskripsjon av τζ

/dž/	> τζ	> ?
Azerbaidžan (finsk form)	Αζερπαϊτζάν	Azerbaitzán/Azerbaidzán
Cambridge	Καίμπριτζ	Kémbrits/Kémbridz
Djibouti	Τζιμπουτί	Tziboutí/Dziboutí
Fiji	Φίτζι	Fítzi/Fídzi
Jamaica	Τζαμάικα	Tzamáika/Dzamáika
Jersey	Τζέρζι	Tzérzi/Dzérzi
Djedda (fransk form)	Τζέντα	Tzéndá/Dzédá
Kambodža (finsk form)	Καμπότζη	Kambótzi/Kambódzi
Los Angeles	Λος Άντζελες	Los Ántzeles/Los Ándzeles
Perugia	Περούτζια	Peroútzia/Peroúdzia
Tadžikistan (finsk form)	Τατζικιστάν	Tatzikistán/Tadzikistán
Virginia	Βιρτζίνια	Virtzínia/Virdzínia

Affrikaten /dž/ har mange skrivemåtar i dei språka som nyttar det latinske alfabetet. Ved overføring til gresk synest der berre å vere ein skrivemåte: τζ. Etter språkrådsregelen skal τζ transkriberast med *tz*. Uttalen tilseier *dz*. Med *dz* i skrift blir det også, ut frå ei språkvitskapleg vurdering av latinske bokstavsamband, eit meir systemretta par med *ts/dz* enn med *ts/tz* som attgjeving av gresk τσ/τζ.

Det greske forfattarnamnet *Καζάντζάκης* blir vanlegvis transkribert *Kazantzakis*. Språkrådsreglane gjev *nd* for gresk ντ, men *tz* for gresk τζ. Med *dz* for τζ blir der berre ein mogleg transkripsjon av rekkjefølgja ντζ, det blir *Kazandzákis*.

I boka mi har eg brukt *dz* som retranskripsjon av τζ.

### 3.5 Transkripsjon og retranskripsjon av diftong

Dei greske skriftdiftongane *αι*, *ει* og *οι* står for monoftongar i uttalen: *e* for *αι*, *i*

for *ei* og *oi*. Korleis handterer ein så i gresk skrift utalandske namn der diftongar som *ai*, *ei* og *oi* opptrer?

/ai/	>	ái	>	ái
Freiburg (tysk by)		Φράιμπουργκ		Fráibourg
Haifa		Χάιφα		Kháifa
Himalaya		Ιμαλία		Imaláia
Hokkaido		Χοκάιντο		Khokáido
Jamaica		Τσαμάικα		Dzamáika
Liechtenstein		Λιχτενστάιν		Likhtenstáin
Ohio		Οχάιο		Okháio

/ai/	>	ai̯	>	ai (jf. merknadene nedafor)
Bajkal		Βαϊκάλη		Vaikáli
Craiova		Κραϊόβα		Kraióva
Haiti		Αϊτί		Aití
Heidelberg		Χαϊδελβέργι		Khaidelvérji
Miami		Μαϊάμι		Maiámi
Tahiti		Ταϊτί		Taití
Taipei		Ταϊπέχ		Taipékh
Trondheim		Τρόντχαϊμ		Tróndkhaim (her skin tysk påverknad gjennom)

Døma viser at den diftongen som det på norsk er naturleg å skrive *ai*, har to skrivemåtar i gresk transkripsjon av utalandske namn: *ái* i trykksterke stavingar, *ai̯* i stavingar der trykket ligg ein annan stad. Korkje *ai* eller *ái* kan brukast. Det ville gje uttalen *e*, jamfør *Καλαί* for *Calais* og *Αιθιοπία* for *Etiopia*.

Trema (¨) blir ofte definert som hiatusmarkør, men teiknet har og andre oppgaver og kan gjevast ein vidare definisjon: *I eit samband av vokalbokstavar markerer trema at sambandet har ein annan uttale enn den vanlege.*

For gresken sin del kan me seie at i sambandet *ai̯* markerer trema at ein skal bruke diftonguttale i staden for den monoftonguttalen som fins i *ai̯* og *ái*. Her kan me samanlikne med fransk, som også har monoftonguttale av sambandet *ai*. I ordet *naïf* (motfør norsk *naiv* utan trema) er der hiatus og dermed ein annan uttale enn den vanlege for sambandet. Men vidare nyttar fransk ofte *aï* i attgjeving av sambanda *aï* og *aя* i russiske namn, t.d. i innsjønamnet *Baïkal*, i stadnamnet *Taïmyr* og i personnamna *Maïakovski* og *Tchaïkovski*. Også i namn frå andre språk nyttar fransk stundom *aï*, t.d. i *Taïwan*. Bruken av trema i desse namna viser til diftonguttale til liks med *ai̯* gresk.

I motsetnad til fransk og gresk står bokstavsambandet *ai* i norsk på eigne bein som markør av diftong. Der trengst ikkje noko diakritikum i tillegg. Overføring av trema frå andre språk vil difor verke misvisande eller forvirrande i tilfelle der det ikkje dreier seg om hiatus. I transkripsjon og retranskripsjon frå gresk bør ein nytte trema berre i hiatustilfelle der trykket ligg ein annan stad, t.d. *Panathinaïkós* (6 stavingar). I tilfelle der ein på gresk både har trema og aksent for å markere trykket (t.d. i *Αχαΐα*), kan ein i norsk transkripsjon greie seg med å bruke trykkaksenten, altså *Akhaía*. Med trykket over *i*-en blir det naudsynt hiatus og 4 stavingar. Trykksterk diftonguttale for bokstavsambandet *ai* vil jo vere markert med aksent over *a*-en: *Akháia*.

/ei/	>	εί	>	éi
Bahrain		Μπαχρέιν		Bakhréin
Brisbane		Μπρισμπέιν		Brisbéin
Brunei		Μπρουνέι		Brounéi
Cape Town		Κέιπ Τάουν		Kéip Táoun
Kuwait		Κουβέιτ		Kouvéit
Rio de Janeiro		Ρίο Ιανέιρο		Río Ianéiro
/ei/	>	ει̂	>	ei
Broadway		Μπρόντγουεϊ		Bródgouei
Caicos		Κεϊκός		Keikós
Eilat		Εϊλάτ		Eilát
Murray		Μάρεϊ		Márei
/oi/	>	οϊ̂/οί̂	>	oi/ói
Coimbra		Κοΐμπρα		Koímpra
Goiânia		Γκοϊάνια		Goiânia
Savoie		Σαβοΐα		Savoía
Vojvodina		Βοϊβοδίνα		Voivodína

Det kan summerast opp at dei «reine» (dvs. utan diakritiske teikn) bokstavkombinasjonane *ai*, *ei* og *oi* er lite brukande i gresk transkripsjon av diftongar i latinsk skrift. I tillegg treng ein anten akutt-teikn (´) over den første bokstaven (markerer trykk) eller trema over iota. Frå norsk er me vane med at trema har til oppgåve å markere hiatus, men her er det rettare å seie at trema har som hovudoppgåve å avvise monoftonguttale.

#### 4. Retranskripsjon og vidaretranskripsjon som uttalerettlegg

Dei europeiske språka som nyttar det latinske alfabetet, har svært skiftande forhold til sambandet mellom tale og skrift. Lydverdien av bokstavar og bokstavrekkefølger vekslar mykje, jamvel mellom nærskylde språk. Ved endonymbruk

er ein dermed avskoren frå å gje vink (gjennom sjølve namneforma) om uttalen i andre språk enn der endonymet høyrer heime.

Her kan retranskripsjonar frå språk med andre skriftsystem vere til hjelp.

Den franske kanalbyen *Calais* er eit godt eksempel:

**Calais** (fr., da., eng., est., fi., fær., isl., it., ned., port., sp., sv., ty., ung.) by i Frankrike; Kale (ru. Калé), Kalé (gr. Καλαί), Kalē (latv.), Kalè (lit.)

Den retranskriberte forma frå gresk, *Kalé*, er ei grei opplysning til norsktalande om uttalen av det franske namnet *Calais*.

Opplysande er også *Keblavik* (← *Κέβλαβικ*), den russiske utgåva av det islandske namnet *Keðlavík*. Gresk *Khabarófsk* (← *Χαμπαρόφσκ*) gjev på si side meir informasjon om uttalen av det russiske namnet *Хабáровск* enn det den norske forma *Khabarovsk* gjer. Den greske trykkforskyvinga frå andre til tredje stavinga er dessutan trulegvis i samsvar med vanleg norsk uttale.

## 5. Namneopplysningar i oppslagsverk

Frå vitskapleg hald, også frå ålmenta, bør der setjast ein del krav til handsaminga av geografiske namn i store oppslagsverk som SNL. Innalandske og utalandske namn bør førast opp med offisielle former, der slike finst. Ved utalandske namn bør der opplysast om kva som er gjeldande endonym. Ved kvar form i tillegg til oppslagsforma bør det oppgjevast kva forma står for.

Ved overføring frå anna skriftsystem bør endonymet gjevast både i eiga skriftform og i transkribert form. Den transkriberte forma er naudsynt av omsyn til ålmenta, den utranskriberte er opplysande for fagfolk på feltet. Å føre opp former i skriftsystem som ligg langt frå latinalfabetet, t.d. arabisk, armensk, georgisk, japansk, kinesisk, thai, vil naturleg nok by på store vanskar, men er noko som ein bør ha som mål.

Eit overordna krav er sjølvstøtt at dei formene som er gjevne, er korrekte i forhold til det dei skal opplysa om. – Ved personnamn kan ein stort sett stille dei same krava.

Det ein no kan finne i større og mindre oppslagsverk om kjeldeformer og ymse anna, er ofte vill-leiande og stundom direkte gale. Årsaka kan vere at ein byggjer på eller gjev att opplysningar i verk i andre språk enn kjeldespråket.

### Døme på misvisande opplysningar:

**Athen**, Athínai [nygr. utt. aþine], hovedstad og største by i Hellas, ... [SNL]  
Her blir det underslått at etter gjeldande norsk rettskriving kan ein skrive *Aten* eller *Athen*. Vidare blir der ikkje sagt noko om kva *Athínai* står for, men ut frå klammeparentesen kan ein tru at det skal vere forma i nygresk. Det er det ikkje.



Den greske forma av i dag er *Aθήνα* som i transkripsjon til norsk gjev *Athína*. Ei betre oppføring for eit norsk leksikon ville vere:

**Aten** el. **Athen**, gr. *Aθήνα* (*Athína* i no. transkr.), gmlgr. *Aθηναι* (*Athēnai* i no. transkr.), hovudstad ...

**Larnaka**, gr. *Lárnax*, by på Kypros [SNL, 3. utgåva]

**Larnaka**, Larnaca, Lárnax, by på Kypros [SNL, 4. utgåva]

Den engelske utgåva av Wikipedia seier at «in archaeology, a **larnax** is a type of coffin used in ancient Greece to store human ashes». Ifølgje tysk Wikipedia er **Larnax** også eit botanisk namn: «eine Gattung aus der Familie der Nachtschattengewächse (Solanaceae)». – Så vidt eg kan sjå, er SNL åleine blant norske oppslagsverk om å gje *Larnax* som eit namn på denne byen. Forma er også komen inn på eit heller seint tidspunkt. Utgåver av Aschehougs Konversasjonsleksikon har berre *Larnaka*, og *Kition* er gjevne som oldtidsnamn. – Det som står fast, er at det greske namnet er *Λάρνακα* (→ *Lárnaka*), og at det vekslar mellom *Larnaca* og *Larnaka* i språk med det latinske alfabetet.

**Nadja** f, russ. namn, kortf. av *Nadeschda* [NPL]

Å seie at eit russisk namn er ei kortform av det som er ein tysk transkripsjon av noko, blir ei heller klossut formulering. Heller slik:

**Nadja** f, av ru. *Надя*, kortf. av *Надежда* (→ *Nadezjda*) med tyd. 'von' som appellativ

**Rhodos**, gr. *Ródhos*, *Rodos* [SNL]

Kursivformene tyder på at der er to alternative skrivemåtar i gresk, ei form med bruk av aksenteikn og ei utan, vidare er ikkje bokstavane heilt dei same. I røynda er dei to kursivformene pluss oppslagsforma tre ulike transkripsjonsformer av kjeldeforma *Ρόδος*. Norsk transkripsjon gjev *Ródos* (aksenten er tilrådd, ikkje påboden). Stavemåten i oppslagsforma *Rhodos* er svært vanleg, men utafør gjeldande norsk rettskriving. Leksikonet har heller ikkje vising frå *Rodos* til *Rhodos*.

**Serge** m, fr. form av lat. *Sergius*, slektsnamn av uvisst opphav. I bruk i mod. tid, men namneberarane er truleg utlendingar. Russ. form *Sergei*. [NPL]

Etter formuleringa i NPL verkar det som om fransk *Serge* kjem beinveges av latin *Sergius*. Det kan heller setjast opp slik:

**Serge** m, fr. form opphavleg frå lat. *Sergius* gjennom ru. *Сергеѳ* (→ *Sergej*). Dauzat og Hanks er samde om at den franske forma kjem frå russisk.

**Valdemar** m, dansk form av slavisk *Vladimir* [...] etterleddet i *Vladimir* har seinare falle saman med russ. *mir* 'fred' [NPL].

Her burde det ha vore nemnt at ordet *mir* også har ei anna tyding: 'verd(a)', og at namnet kan tolkast som «hersk over verda», jf. *Vladivostok* 'hersk over Austen'. Vasmer gjev *Vladimir* tydinga 'stor i si makt' (великий в своей власти).

## 6. Transkripsjon av namn i nygresk

Transkripsjonssystemet er her attgjeve slik det står i Språkrådet si årsmelding for 2001 (side 12–15):

### *Transkripsjon av navn i nygresk*

Transkripsjonssystemet og vedtakene om enkeltnavn i årsmeldingen for 1998 står ved lag med det unntaket at gresk *ksi* (Ξ) overalt skal transkriberes med *x*, f.eks. i *Naxos*.

Nytt enkeltvedtak: *Delos* (av Δήλος) blir endret til *Dilos*.

Dermed gjelder følgende:

Språkrådet har fastsett retningslinjene nedanfor for transkripsjon av namn (stadnamn og personnamn) i *nygresk*. Historiske namn og vanlege ord kan ha andre stavemåtar. Ein kan til dømes skriva om slaget ved Maraton og maratonlauf jamvel om den nygreske namneforma blir til Marathónas i transkripsjon.

1 Ein skal byggja på *dimotiki*-former.

2 Det blir tilrådd å bruka aksenttegn,<sup>2)</sup> t.d. *Khíos*, til å markera trykket.

3 Det blir tilrådd å følgja lista nedanfor ved transkripsjon av bokstavar og bokstavkombinasjonar.

Ein skråstrek viser til vekslande transkripsjonar. Variantane vekslar etter framlyd, innlyd og utlyd og etter kva bokstavar som kjem etter den aktuelle bokstaven eller bokstavkombinasjonen.

## ENKELTBOKSTAVAR

<i>gresk bokstav</i>	<i>norsk namn på bokstaven</i>	<i>tilrådd transkripsjon</i>
A	alfa	a
B	beta	v
Γ	gamma	g/j (sjå lenger nede)
Δ	delta	d
E	epsilon	e
Z	zeta	z

---

H	eta	i
Θ	theta	th
I	iota (uttale: jåta)	i
K	kappa	k
Λ	lambda	l
M	my	m
N	ny	n
Ξ	ksi	x
O	omikron	o
Π	pi	p
P	rho	r
Σ	sigma	s
T	tau	t
Υ	ypsilon	y (sjå òg lenger nede)
Φ	phi	f
X	khi (uttale: kji)	kh
Ψ	psi	ps
Ω	omega	o

## BOOKSTAVKOMBINASJONAR

<i>kombinasjon</i>	<i>tilrådd transkripsjon</i>
αι (alfa + iota)	<i>e</i> , t.d. <i>Éjina</i> av Αίγινα merknad: ved hiatus blir transkripsjonen <i>ai</i> , t.d. i <i>Akhaía</i> (fire stavingar, trykket på i-en) og i <i>Panathinaikós</i> (seks stavingar, trykket på o-en)
ει (epsilon + iota)	<i>i</i> , t.d. <i>Iráklio</i> av Ηράκλειο merknad: ved hiatus blir transkripsjonen <i>ei</i>
οι (omikron + iota)	<i>i</i> , t.d. <i>Énvia</i> av Έύβοια merknad: ved hiatus blir transkripsjonen <i>oi</i>
ου (omikron + ypsilon)	<i>ou</i> , t.d. i namn på <i>-ópoulos</i> , der trykket alltid ligg på den stavinga
αυ (alfa + ypsilon)	<i>av</i> , t.d. i <i>Gávδος</i> av Γαύδος merknad: ved hiatus blir transkripsjonen <i>av</i>
ευ (epsilon + ypsilon)	<i>ev</i> , t.d. <i>Levkáda</i> av Λευκάδα merknad: ved hiatus blir transkripsjonen <i>ey</i>
μπ (my + pi)	<i>b</i> , men <i>mb</i> i innlyd etter vokal, t.d. <i>Ólymbos</i> av Όλυμπος, <i>Balí</i> av Μπαλί, <i>Zorbás</i> av Ζορμπάς
ντ (ny + tau)	<i>d</i> , men <i>nd</i> i innlyd etter vokal, t.d. <i>Triánda</i> av Τριάντα
γκ (gamma + kappa)	<i>g</i> , men <i>ng</i> i innlyd etter vokal, t.d. <i>Gióna</i> av Γκιώνα, <i>Danglís</i> av Δαγκλής
γ (gamma)	<i>g</i> , t.d. <i>Gávδος</i> av Γαύδος, men <i>j</i> i visse kombinasjonar:
γ (gamma + i/e-lyd)	<i>j</i> , t.d. <i>Éjina</i> av Αίγινα, <i>Jerakári</i> av Γερακάρη, <i>Jýthio</i> av Γύθειο
γί (gamma + iota med trykk)	<i>jí</i> , t.d. <i>Ajía</i> av Αγία
για, γιο, γιου, γιω	<i>ja</i> , <i>jo</i> , <i>jou</i> , <i>jo</i> (dersom trykket ikkje ligg på iota), t.d. <i>Jánnis</i> av Γιάννης, <i>Jórgos</i> av Γιώργος
γγ (gamma + gamma)	<i>ng</i> , t.d. <i>Angelís</i> av Αγγελής
γχ (gamma + khi)	<i>nkh</i>
τζ (tau + zeta)	<i>tz</i> , t.d. <i>Tzavélas</i> av Τζαβέλας

Det blir desse endringane frå oppføringar i *Geografilista* frå 1991 og 96-utgåva av *Tanums store rettskrivningsordbok*:

Akaia	> Akhaía (4 stavingar)
Astipalea	> Astypálea
Attika	> Attikí
Boiotia	> Viotía
Egina	> Éjina
Elis	> Ilía
Epeiros	> Ípiros
Euboa	> Évvia
Famagusta	> Famagusta el. Ammókhostos (by på Kypros; <i>Famagusta</i> er eit venetiansk namn, <i>Ammókhostos</i> er det greske)
Iraklion	> Iráklío
Kalkidiki	> Khalkidikí
Kania	> Khaniá
Karpatos	> Kárpathos
Kefallenia	> Kefallinía
Kios	> Khíos
Kitira	> Kýthira
Kitnos	> Kýthnos
Korfu	> Korfu el. Kérkyra ( <i>Korfu</i> er eit italiensk namn, <i>Kérkyra</i> er det greske)
Kyrenia	> Kyrínia
Lesbos	> Lésvos
Limassol	> Limassol el. Lemesós (by på Kypros)
Maraton	> Marathónas
Mitilini	> Mytilíni
Nikosia	> Nikosia el. Levkosía ( <i>Levkosía</i> er det greske namnet på hovudstaden på Kypros)
Olympos	> Ólymbos
Patras	> Pátra
Pireus	> Pireás
Rodope	> Rodópi
Salamis	> Salamína
Samotraki	> Samothráki
Sparta	> Spárti
Tessalia	> Thessalía
Tessaloniki	> Thessaloníkí

Trakia	> Thráki
Zakintos	> Zákynthos

## Litteratur

AEI = *Ατλας Ευροπης & Ηπειρων*, Εκδοσεις Πατακη, Aten 1999; ISBN 960-600-209-8  
 Dauzat, Albert: *Dictionnaire étymologique des noms de famille et prénoms de France*,  
 Librairie Larousse, Paris 1951

EEL = *Επιτομο Εγκυκλοπαιδικο λεζικο*, ΕΞΑΝΤΑΣ DUDEN, Aten 1992; ISBN 960-256-138-6  
 Hanks, Patrick and Flavia Hodges: *A Dictionary of First Names*, Oxford University Press, Oxford  
 1996

Kohlheim, Rosa und Volker: *Lexikon der Vornahmen*, Dudenverlag, Mannheim 1998

Leira, Vigleik: *Geografiske navn i diverse språk*, i *Namn og Nemne*

Leira, Vigleik: *Geografiske navn i flere språk*, Novus forlag, Oslo 2006

*Le Petit Larousse 2002*, Larousse, Paris 2001; ISBN 2-03-530402-4

NEGA = *Νέος εικονογραφημένος Γεωγραφικός Άτλας, 3 Οι Ηπειροι* [eit skoleatlas over  
 kontinenta]; ISBN 960-8061-02-4

NOA = *NOA norsk som andrespråk*. Skriftserie frå Institutt for lingvistiske fag, Universitetet i Oslo  
 Norsk språknemnd: *Russiske navn, Samnordiske stavereregler, Navneliste*, J.W.Cappelens Forlag, Oslo  
 1970

Norsk språkråd: *Årsmelding 1955*

Norsk språkråd: *Årsmelding 2001*

NPL = Kruken, Kristoffer (red.): *Norsk personnamleksikon*, 2. utgåva 1995, Det Norske Samlaget,  
 Oslo

SNL = *Aschehougs og Gyldendals STORE NORSKE leksikon*, 4. utgåva, 16 bind 2005–2007,  
 Kunnskapsforlaget, Oslo 2007

Vasmer = Макс Фасмер: *Этимологический словарь русского языка*, 4 bind, Издательство  
 «Прогресс», Moskva 1964–1973 (omsett frå tysk)

## Noter

1) Slik i EEL

2) Teksta i årsmeldinga har *tegn* her. Det skal sjølvsagt vere *teikn*.



# Ukrainsk etternavnsskikk

*Av Ivar Utne*

*This article presents dominant features of Ukrainian surname customs in a linguistic and a historical perspective, and relates them to naming customs in neighbouring countries. The main focus is on surname suffixes, linguistic variants of names, and different conventions for transcription from Ukrainian version of Cyrillic to versions of Latin alphabets.*

*Most Ukrainian surnames have surname suffixes, partly determined by the person's gender. The suffixes originate in Polish, Russian and Ukrainian traditions. Due to recent opening of borders and migration, Ukrainian naming culture has now reached Norway, and the Ukrainian naming traditions are accepted for registration in the Norwegian census rolls.*

*Ukrainian is a Slavonic language, and is written in a Cyrillic alphabet which differs slightly from the Russian version. Like other languages, there is also for Ukrainian a great variety of transcription systems used throughout the world. There are no defined restrictions as to the transcription systems that can be used for personal names to be entered in the Norwegian census rolls.*

*For future onomastics it is of interest to investigate the results in different countries of increased exposure to foreign naming cultures.*

## 1. INNLEDNING

### 1.1 Overblikk

Ukraina er et stort land i vårt nærrområde, og Norge får jamt innvandring fra Ukraina. Kontakten mellom landa øker. Den ukrainske personnavnkulturen som på grunn av dette gradvis vil bli en del av den sammensatte personnavnkulturen i Norge, er interessant å studere av mange grunner. Det er f.eks. navnekulturelle, språkhistoriske og -politiske forhold, og problemstillinger som går på identitet, kjønnsrelasjoner, ideologi, normer og verdier, og politiske forhold. Et slikt



studium er også interessant i et navnekomparativt perspektiv: Vi får større innsikt i norsk navnekultur ved å se den i forhold til andre lands navnetradisjoner.

Kjønnsbestemte endinger i en stor andel av etternavna er et særtrekk som Ukraina deler med flere østeuropeiske land. Dessuten blir fars fornavn med kjønnsbestemte endinger brukt som et navn som har fellestrekk med norske mellomnavn. Slik mellomnavnsfunksjon har de felles med sine naboland, sjøl om utforminga skifter fra land til land.

Navnekulturen i Ukraina har elementer som er lånt fra mange forskjellige navnekulturer, dels fordi landet har vært underlagt politisk og militær styring og kontroll fra naboland, dels på grunn av kristning og dels på grunn av handel med fjernere områder, som de skandinaviske i vikingtida.

Emnet for denne artikkelen er å skissere ukrainske etternavns- og mellomnavnsskikker med bakgrunn i språklige og historiske forhold, og videre ta opp hvilke utfordringer som er aktuelle når personer med disse skikkene skal få navna innpassa i andre lands, og særlig norske, navnesystem og skriftsystem. Navneskikkene i Ukraina har kommet i skyggen av mer kjente navneskikker fra de to nabolanda Polen og Russland, som nordmenn til nå har hatt mer kontakt med enn den ukrainske.

I forbindelse med rådgiving i personnavnsaker for fremmedkulturell navneskikk pleier jeg å kartlegge navneskikkene med en kombinasjon av tilgjengelige beskrivelser og nåtidig datagrunnlag. Framstillinga nedenfor bygger på materiale fra Lukjanjuks (2002) ukrainske etternavnsbok med 30 000 etternavn, Unbe-gauns (1972) verk om beskrivelse av etternavn i Sovjetunionen, språkbeskrivelser og transkripsjonsstandarder oppgitt i referanselista, søk på internett, og arbeid med personnavnsøknader i Norge.

## 1.2 Hvorfor er studiet av ukrainsk navnekultur viktig for oss?

### Nytte

Desom skrivemåtene ikke kommer i konflikt med beskytta etternavn (§ 3 2. ledd i *lov om personnavn*) eller får urimelig utforming på andre måter (jf. § 10 1. ledd), trenger en ikke stille krav om bruk av noen standard. Nye etternavn i Norge kan bl.a. være resultat både av transkribering etter bestemte standarder og av kreativ utforming.

Slik det går fram av tabellen nedenfor, er noen av tegna fra latinsk alfabet som det kan transkriberes til i noen av systema, ikke med i det norske alfabetet. Det

gjelder særlig *â, ê, û, ĭ, į, ĭ, ċ, š, ſ, ž*, og *g* med ”nedoveraksent” (accent grave). Det vil i alle disse tilfella si at det er brukt diakritiske tegn som ikke blir brukt i det norske alfabetet, men som likevel i noen tilfeller blir brukt i norsk. Apostrofer blir også brukt som egne bokstaver i transkribering fra ukrainsk, som vist i denne framstillinga. Enkle og doble apostrofer, omtalt nedenfor, som blir brukt som egne bokstaver, kan ikke regnes som bokstaver i det norske alfabetet, og er ikke med i Språkrådets transkripsjonssystem. Apostrofer blir godtatt i det norske folkereregisteret, slik det bl.a. er for enkle apostrofer i vestlige etternavn (jf. også Rundskriv 2002, pkt. 2.3.4, s. 16).

I Norge vil neppe transkripsjonssystemet fra Språkrådet være særlig aktuelt for personnavn til ukrainske innvandrere. En grunn er at Språkrådet ikke stiller noe krav om bruk av sitt transkripsjonssystem i forbindelse med personnavn, jf. omtalen av kyrillisk *İ* under pkt. 6.4 nedenfor. En annen grunn er at ukrainere dels har med seg navn som er transkriberte i andre land, etter det ukrainske systemet eller andre system. Dessuten er det oftest praktisk for dem å få navn transkribert med hensyn til utvandring igjen, som vil si systemer som er bedre kjent i mange land. Dersom de er innstilt på å bli i Norge, kan det være praktiske fordeler med norske skrivemåter, dvs. å bruke Språkrådets system.

Et eventuelt offentlig krav om bruk av norske transkripsjonsregler vil innebære krav om endring av navneformer innvandrere kommer med, og det vil lett føre til nye behov for endringer ved utvandring eller midlertidig opphold i hjemlandet.

### **6.3 Fra ukrainsk med kyrillisk skrift til latinsk skrift**

Det er særprega for transkribering fra ukrainsk at noen kyrilliske tegn oftest blir transkribert ulikt hva som gjøres fra flere andre språk som bruker kyrillisk skrift, bl.a. fra russisk. Dessuten blir ukrainsk skrevet med noen kyrilliske tegn som ikke blir brukt for russisk. Det er dels tegn ukrainsk deler med andre språk. Ukrainsk tegnbruk blir omtalt mer detaljert nedenfor. De mest aktuelle systema, som dessuten blir omtalt i denne framstillinga, er:

ISO-standarden, som er standarden for translitterering fra kyrilliske til latinske bokstaver, fra International Organization for Standardization (ISO 9:1995).

Standarden fra Library of Congress, USAs nasjonalbibliotek (LC).

Språkrådets regler for transkripsjon fra ukrainsk til norsk alfabet (Språkrådet 2006b).

USA-standarden, som i denne framstillinga er kortform for mye brukt tran-

skripsjon i USA. I USA er flere system i bruk, men i denne framstillinga vil det med USA-standarden bli ment standarden BGN/PCGN 1965, som i praksis er godt utbredt.

Transkripsjonssystem brukt av myndighetene i Ukraina (Ukrainian System 1996).

De transkripsjonssystema til latinsk skrift som oftest blir brukt for ukrainsk, er systemer brukt for engelsk, særlig i USA, og systemet brukt av ukrainske myndigheter. Som en kan se i tabell 9, er det stort sammenfall mellom det ukrainske systemet og USA-systemet. Det er grunnen til at det ukrainske systemet ikke er med i eksemplene ovenfor. De vanligste formene som er brukt i USA, markert med "USA" i tabellene, blir også brukt i mange land ellers, dels også i Norge. I Norge blir Språkrådets standard noe brukt i nyhetsmedier, og ellers i oversatte tekster.

Den internasjonale standardiseringsorganisasjonen (ISO) translittererer kyrilliske tegn brukt for ukrainsk på samme måten som like tegn brukt for andre språk. Denne ISO-standarden blir brukt for de norske universitets- og høyskolebiblioteka, med ett avvik for kyrillisk (Utne 2005: 89). Det er også mulige former å bruke for folkeregistrering i Norge. Se ellers omtale av bruk av ISO-standarden for personregistrering under pkt. 6.1.

Mest sannsynlig vil ukrainere foretrekke former som er kjent i mange land, dvs. former fra de ukrainske myndighetene, som i praksis er lik USA-formene.

Personer fra Ukraina og andre land med ikke-latinsk alfabet har oftest fått sitt navn transkribert enten i hjemlandet eller i andre land før de kommer til Norge. De kan til og med ha valgt sin egen transkriberingsmåte. Det kan være blanding mellom flere systemer. Flere transkriberingssystemer er gjerne i bruk i de fleste land, bl.a. fordi det fins både eldre og nyere systemer i bruk, og fordi systemer fra flere land blir brukt bl.a. av tolker.

#### **6.4 Forskjeller mellom ukrainsk og russisk bruk av kyrillisk**

Ukrainsk har, som nevnt, flere tegn som ikke blir brukt for russisk, og har tegn som ikke blir transkribert likt som fra andre språk med samme tegn. Nedenfor blir noen viktige forskjeller mellom transkripsjon av russisk og ukrainsk kommentert.

#### **И og (kyrillisk) I**

Kyrillisk *и* blir transkribert til *y* fra ukrainsk og til *i* fra russisk. Uttalen på ukrainsk er en åpen *i*-lyd, som har en uttale nærmere /e/ enn /i/ (Unbegaun: 264–265, Shevelov 2002: 948–949, jf. omtalen av språkhistorie under pkt. 3.2 ovenfor; omtalen veksler mellom ulike språklige framstillinger).



Ukrainsk bruker kyrillisk *i* for *i*-lyd. Den blir transkribert til latinsk *i*, som altså ser lik ut. Etternavnsendinga -цький blir derfor transkribert til *-skij* fra ukrainsk (tegnet ь, som uttrykker palatalisering, blir ikke gjengitt i Språkrådets transkripsjonssystem som er brukt her), jf. eksempler i tabell 5 og transkripsjonssystemene i tabell 9. For USA er det ofte *-skyy*, og fra systemet hos de ukrainske myndighetene er det *-skyi*. Den tilsvarende russiske endinga -цкий blir transkribert til *-skij* i flere system. Grunnen til forskjellene fra de to språka er at både *и* og *й* blir transkribert ulikt fra ukrainsk og russisk. Den samme forskjellen i transkripsjon av kyrillisk *и* får vi mellom etternavnsendinga *-ovytj* fra ukrainsk og den russiske mannlige patronymendinga som blir transkribert *-ovitsj* fra russisk.

ISO-standarden foreskriver at ukrainsk *и* skal transkriberes med *i*, dvs. ikke *y*, jf. tabell 9. Med ISO-standarden får en derfor for ukrainsk formene *-skij* og *-ovytj* for eksempla ovenfor, som er likt transkripsjon for russisk.

Siden *и* (som er ukrainsk for *y* i latinsk skrift) fins i innlånte navn i Ukraina, fins både denne og kyrillisk *i* (transkribert fra ukrainsk som *i*) i ukrainske navneformer. Det er vanlig med begge former for f.eks. *Stanislav* (Станіслав) og *Stanyslav* (Станислав), og *Григор* (*Hrihor*) og *Григор* (*Hryhor*).

## E og Є

Kyrillisk *e* blir transkribert konsekvent til latinsk *e* fra ukrainsk, men for russisk blir den dels transkribert til *e* og dels til *je* etter bestemte regler. Transkripsjonen fra russisk veksler med ulike språk det blir transkribert til, og dessuten konsekvent til *e* med ISO-standarden. For ukrainsk bruker en kyrillisk *є* for å markere palatal uttale av konsonanten foran (Shevelov 2002: 952). *Є* blir transkribert til *je*, ev. til *ie* og *ye* på andre språk, se tabell 9. ISO-standarden bruker *ê* for ukrainsk *є*.

## Г og Г

Kyrillisk *г* blir transkribert til *h* fra ukrainsk og til *g* fra russisk (Unbegaun 1972: 265). Ukrainsk bruker *г* for *g*-lyd, og som blir transkribert til *g*. Det er samtidig slik at språklig beslekta navn ofte blir skrevet med *г* både på russisk og ukrainsk og får ulik uttale på grunn av ulik talemålsutvikling. I tabell 2 ser vi Григор'єв som blir transkribert *Hryhorjev* fra ukrainsk. Det tilsvarende navnet blir skrevet Григор'єв på russisk og blir transkribert til *Grigorjev*. ISO-standarden foreskriver *g* fra kyrillisk *г* også fra ukrainsk, og *g* med nedoveraksent for kyrillisk *г* fra ukrainsk.

## ї

Kyrillisk *ї*, som fins i ukrainsk og ikke i russisk, blir transkribert med *ji* mot norsk, og blir latinsk *ï* hos Library of Congress, og ofte *yi* i USA, på engelsk

ellers og dels på fransk. Dette kan vises med hvordan navnet på hovedstaden i Ukraina kan transkriberes med flere system fra ukrainsk og russisk i tabell 8.

For øvrig er Språkrådets norm for bruk av navnet på byen i skriftlig norsk *Kiev* og *Kyiv* (Språkrådet 2006d, Leira 2006: 81), og ikke *Kyjiv* slik det blir etter Språkrådets transkripsjonssystem for ukrainsk. Forma *Kyiv* er forma som ukrainske myndigheter bruker som transkripsjonsnorm, og Språkrådet følger da sitt overordna prinsipp om å bruke normerte skrivemåter for geografiske navn fra landet der navnet hører til (jf. Leira 2006: 7). I dette tilfellet avviker det altså fra Språkrådets transkripsjonssystem for det aktuelle språket. Det går dessuten fram av innledninga i Språkrådet 2006b at Språkrådets transkripsjonssystem for ukrainsk ikke er tilrådd for person- og stedsnavn.

Skriftsystem	Eksempler
Ukrainsk, kyrillisk	Київ
UKR	Kyiv
USA	Kyyiv
Språkrådet	Kyjiv
ISO	Kyïv
Russisk, kyrillisk	Киев
USA, Språkrådet, ISO	Kiev

Tabell 8. Skrivemåter og transkripsjonsmåter for navnet på hovedstaden *Kyjiv*, *Kiev*

### Russisk Ъ og ukrainsk ’

På kyrillisk for ukrainsk blir apostrof brukt for å markere at konsonanten foran, som har tegn for palatal uttale, i dette tilfellet ikke skal ha palatal uttale. Flere apostroftegn er i bruk, men et tegn lik enkelt høyre sitattegn (for slutt på sitat) i latinsk skrift er det vanlige, ’ (i tegnkodesystemet Unicode for edb-bruk har tegnet nummeret heksadesimal 2019). I tabell 2, som også har transkripsjoner, fins eksempelet Григор’ев. Ved overføring til latinsk skrift etter ISO-systemet blir det samme tegnet brukt, f.eks. *Grigor’êv*. I USA-systemet og i systemet som de ukrainske myndighetene bruker, er det dobbel prime (Unicode 2033), dvs. to høyrevendte apostrofer, ’’, f.eks. *Hryhor’’yev*. Dobbelt prime kjenner vi for øvrig som symbol for tommer og sekunder. Tegnet er mer høyrevendt enn de mest brukte doble sitattegna. Språkråd- og LC-systema gjengir ikke noe tegn.

I kyrillisk for russisk blir tegnet ъ brukt for samme funksjon, men det er i praksis svært lite brukt, fordi skrifttradisjonen er slik at det ikke blir behov for å oppheve palatal uttale av et konsonanttegn. Det har mest betydning for gamle tekster. Det russiske tegnet blir i hovedsak transkribert til latinsk skrift som

dobbel prime, ”, i flere system enn fra ukrainsk, som i LC-, USA- og ISO-systema.

ISO-systemet bruker altså dobbel prime fra russisk, men som nevnt enkelt høyre sitattegn fra ukrainsk. På den måten oppnår ISO-systemet å skille i latinsk skrift mellom hvilke av de to kyrilliske tegna som er grunnlaget. Språkrådets system foreskriver *i*, *j* eller utelating etter bestemte regler fra russisk, noe som skiller seg fra ingen transkribering fra ukrainsk (Språkrådet 2006b og 2006c).

### 6.5 Variasjon i transkripsjon fra kyrillisk

Det er mange transkripsjonsmåter fra russisk og ukrainsk som ikke er kommentert ovenfor. Mye av det dreier det seg om transkripsjonsmåter der de forskjellige systema skriver om likt fra ukrainsk og fra russisk, og i stor grad fra andre språk som bruker kyrillisk skrift. Flere ulikheter kan nevnes kort.

Særlig kan en merke seg at de bokstavene som gir ulike typer frikativer, blir transkribert på mange ulike måter. Ofte gjelder det dem som til norsk blir: *zj* (ж), *z* (з), *kh* (х), *ts* (ц), *tsj* (ч), *sj* (ш), *sjtsj* (щ). I mange av disse tilfella vil en f.eks. se *sh* og *ch* der vi på norsk har *sj* og *tsj*. Ulike system kan også gi samme latinske bokstavsekvens for forskjellige kyrilliske tegn. Eldre slavisk filologisk tradisjon (Unbegaun 1972: vii) og tysk, som begge ikke er med i tabellen, skriver om kyrillisk *x* til de latinske bokstavene *ch*, som i andre system er latinsk skrift for ч.

Der vi til norsk får *ja*, *je*, *jo* og *ju*, vil *j* bli gjengitt med *i* eller *y* på mange språk, se eksempler i tabell 6.

Vokalen som til norsk og i de fleste system ellers blir til *u*, blir for fransk til *ou*. Fransk er ikke med i tabell 9. Rester av eldre fransk omskriving ser vi noen ganger både for ukrainsk og russisk, jf. pkt. 5.2.

Både russisk, ukrainsk og mange språk bruker samme palataltegn, ъ. Dette er kommentert for ukrainsk under pkt. 5.2 og vist med eksempler i tabell 5. For de fleste transkripsjonssystemer blir det gjengitt med såkalt prime (Unicode-tegn nr. 2032), dvs. ’. Det gjelder LC, USA, ISO og det ukrainske systemet. Med Språkrådets system blir det transkribert *i* eller *j* i noen sammenhenger, men helst utelatt. Prime ser ut som en høyreventd apostrof, som ellers blir brukt som symbol for fot og minutter. På norsk og i mange andre system blir den ikke gjengitt.

Det meste av det som er omtalt her for frikativer, vokaler, apostrofer og ISO-standardene, gjelder også fra russisk og flere språk skrevet med kyrillisk skrift.

### 6.6 Noen system for transkribering fra ukrainsk

Tabell 9 nedenfor viser hvordan hvert tegn på kyrillisk for ukrainsk blir skrevet om til de samme standardene som er vist i pkt. 5. I tillegg er systemet til de ukrainske myndighetene med. I tabellen er det ført opp former både for begynnelsen av ord og inne i ord.

Ukyr	Uttale, IPA	USA (BGN/ PCGN)	LC	Ukrainske myndigheter, UKR	ISO 9:1995	Språkrådet, norsk
Аа	a	A a	A a	A a	A a	A a
Бб	b	B b	B b	B b	B b	B b
Вв	w	V v	V v	V v	V v	V v
Гг	h	H h (*)	H h	H h (*)	G g	H h
Ґґ	g	G g	G g	G g	ǧ (**)	G g
Дд	d	D d	D d	D d	D d	D d
Ее	ε / e	E e	E e	E e	E e	E e
Єє	je / je	Ye ye	IE ie	Ye ie	Ê ê	Je je
Жж	ʒ	Zh zh	ZH zh	Zh zh	Ž ž	Zj zj
Зз	z	Z z	Z z	Z z	Z z	Z z
Ии	ɪ	Y y	Y y	Y y	I i	Y y
Іі	i	I i	I i	I i	Ì ì	I i
Її	ji	Yi yi	Ï ï	Yi, i	Ï ï	Ji ji
Йй	j	Y y	Ï ï	Y, i	J j	J j
Кк	k	K k	K k	K k	K k	K k
Лл	l	L l	L l	L l	L l	L l
Мм	m	M m	M m	M m	M m	M m
Нн	n	N n	N n	N n	N n	N n
Оо	ɔ	O o	O o	O o	O o	O o
Пп	p	P p	P p	P p	P p	P p
Рр	r	R r	R r	R r	R r	R r
Сс	s	S s	S s	S s	S s	S s
Тт	t	T t	T t	T t	T t	T t
Уу	u	U u	U u	U u	U u	U u
Фф	f	F f	F f	F f	F f	F f
Хх	x / (a)ch	Kh kh	Kh kh	Kh kh	H h	Kh kh
Цц	ts	Ts ts	TS ts	Ts ts	C c	Ts ts
Чч	tʃ	Ch ch	Ch ch	Ch ch	Č č	Tsj tsj
Шш	ʃ	Sh sh	Sh sh	Sh sh	Š š	Sj sj
Щщ	ʃtʃ	Shch shch	Shch shch	Sch sch	Šš	Sjtsj sjtsj
Ьь	'	'	'	'	'	(ikke noe)
Юю	ju	Yu yu	IU iu	Yu iu	Û û	Ju ju
Яя	ja	Ya ya	IA ia	Ya, ia	Â â	Ja ja
'		”	(ikke noe)	”	'	(ikke noe)

**Tabell 9.**

**Oversikt over noen system for transkribering fra kyrillisk for ukrainsk til latinsk skrift**

Hvert transkripsjonspar viser først skrivemåte i begynnelsen av ord og dernest for andre posisjoner.

(\*) Det er unntaksregler for transkripsjon av tegnet i noen tegnkombinasjoner.

(\*\*) Kyrillisk Ґ og ґ skal etter ISO-standarden skrives om til G og g med nedoveraksent (˘) over.

Tegnet er ikke definert i Unicode-systemet for datategn foreløpig, slik at det ikke lar seg skrive på tastatur.

En kan spesielt legge merke til at systemet til de ukrainske myndighetene har ulik transkribering først i ord og inne i ord, særlig ei veksling mellom *y* først i ord og *i* inne i ord for noen tegn. Dessuten bruker systemet til Library of Congress (LC) doble store bokstaver først i ord for noen tegn. En kombinasjon av to bokstaver for ett tegn kalles ligatur. Ligaturer skal etter LC-systemet bindes sammen med bue over, noe som normalt ikke lar seg gjøre på tastatur. Det gjelder *ie*, *zh*, *ts*, *iu* og *ia*, som er LC-variantene i tabell 9. Av dem er slik markering viktig for *zh* og *ts* fordi disse tegnkombinasjonen også fins av andre grunner i LC-systemet. LC-systemet vil være lite i bruk for navn i offentlige dokumenter som folkeregistera får.

## 7. AVSLUTNING

Etternavnsskikker i Ukraina er her sett i sammenheng med navneskikker i forskjellige land i nærområdet i et språklig og historisk lys, med hovedvekt på navneendinger og ulike språklige former. Mange av de ukrainske navneskikkene er et resultat av en brei kontakt gjennom de siste tusen til to tusen åra med områder utenfor dagens Ukraina. Noen skikker kan også forklares med innenlandske daningsmåter. Transkripsjonsmåter fra kyrillisk til latinsk alfabet viser at samme navn kan få flere ulike former, uten at ei av dem klart blir regna som den rette.

Studier av navneskikker i andre kulturer enn de norske og vestlige utfyller vår kunnskap om hvordan navn, navnemønster og navnebruk oppstår, både på et språklig grunnlag og som et resultat av samspill mellom språk og samfunn gjennom et par tusen år. Mangfoldet i transkripsjonsmåter har språklige og samfunnmessige årsaker, og er ei utfordring for systematisk beskrivelse av varianter og eventuelt for språklig normering.

Studier av flere navnekulturer bidrar til å utvide vårt faglige onomastiske perspektiv, og det vil være naturlig å følge det opp gjennom internasjonalt forskingssamarbeid. Sammenliknende studier av navneskikker i ulike kulturer vil også kunne føre til en mer konsekvent og entydig praktisk bruk av fremmede navn i Norge, f.eks. i media og i den sentrale og lokale offentlige forvaltninga.

### Bruk av kursiv i artikkelen

Kursiv er brukt for å markere navn, utheva tekst og enkeltbokstaver i latinsk skrift. For å kunne lette lesinga er det ikke brukt kursiv for kyrilliske tegn. Kursive former av kyrilliske bokstaver er i noen tilfeller svært ulike antikva (dvs. ikke-kursiv) for de små bokstavene. Her er de viktigste forskjellene, vist parvis for antikva og kursiv: *в/в*, *г/г*, *г/г*, *д/д*, *и/и*, *й/й*, *п/п*, *т/т*.

### Forkortelser brukt i tabellene

- ISO = Standarden for transkribering fra kyrilliske til latinske bokstaver, utgitt av International Organization for Standardization; se litteraturlista
- LC = Library of Congress, USAs nasjonalbibliotek; standarden for ukrainsk trykt i: *ALA-LC Romanization Tables. Transliteration Schemes for Non-Roman Scripts*. Washington: Library of Congress, 1997. [ALA = American Library Association, som også har godkjent denne standarden]
- NO = transkripsjon etter Språkrådets regler for transkripsjon fra ukrainsk til norsk, som er Språkrådet 2006b i litteraturlista
- USA = mye brukt transkripsjon i USA, som i hovedsak følger BGN/PCGN 1965, se litteraturlista
- Ukyr = Ukrainsk skrivemåte med kyrillisk skrift.
- UKR = system brukt av myndighetene i Ukraina, se *Ukrainian System* i litteraturlista

### Referanser

- ALA-LC Romanization Tables. Transliteration Schemes for Non-Roman Scripts*. Washington: Library of Congress, 1997. ISBN 0-8444-0940-5, ISBN-13 9780844409405.
- BGN/PCGN 1965 = Romanization of Ukrainian. BGN/PCGN 1965 System. I: U.S. Board on Geographic Names, Foreign Names Committee Staff (BGN). 1994: *Romanization Systems and Roman-Script Spelling Conventions*. [Også godkjent av Permanent Committee on Geographical Names for British Official Use (PCGN).] Nettadresse: [http://gort.ucsd.edu/edocs/fed/USBGN\\_romanization.pdf](http://gort.ucsd.edu/edocs/fed/USBGN_romanization.pdf) [henta 24.7.2007].
- CIA Fact Book 2007*, nettversjon; oppdatert 31.5.2007; <https://www.cia.gov/library/publications/the-world-factbook/geos/up.html> [henta delen "Ukraine" 14.6.2007].
- CIEC = La Commission Internationale de l'Etat Civil (CIEC), 'den internasjonale kommisjon for sivilstand'), nettadresse: <http://www.ciec1.org/> [henta 26.8.2007].
- CIEC 1973 = Convention relative à l'indication des noms et prénoms dans les registres de l'Etat Civil, signée à Berne le 13 septembre 1973. Convention CIEC no 14; nettadresse: <http://www.ciec1.org/Conventions/Conv14.pdf> [Uoffisiell engelsk oversettelse med tittelen: Convention on the recording of surnames and forenames in civil status registers, signed at Berne on 13 September 1973. ICCS Convention No. 14; nettadresse: <http://www.ciec1.org/ListeConventions.htm>] [henta 26.8.2007; se også CIEC].
- Comrie, Bernard og Greville G. Corbett. 2002: *The Slavonic Languages*. London og New York. ISBN 0-415-28078-8, ISBN-13 9780415280785.
- Hanks, P. og F. Hodges 1999: *A Dictionary of Surnames*. Oxford. ISBN 0-19-211592-8.
- Hoffman, W.F. 1998: *Polish Surnames: Origins and Meanings*. 2. ed. Chicago: Polish Genealogical Society of America. ISBN 0-924207-07-8.
- ISO = 1) ISO 9:1995, 2) International Organization for Standardization, <http://www.iso.org/>, navnet ISO bygger på det greske "isos" som betyr 'lik' (<http://www.iso.org/iso/en/aboutiso/introduction/index.html> [henta 27.7.2007]).

- ISO 9:1995 = *ISO 9:1995 Information and documentation – Transliteration of Cyrillic characters into Latin characters – Slavic and non-Slavic languages*. Utg. av International Organization for Standardization. Dette er den gjeldende ISO-standarden for translitterering fra kyrillisk skrift til latinsk skrift.
- Leira, V. 2006. *Geografiske navn i flere språk*. Oslo: Novus. ISBN10 82-7099-447-2, ISBN13 978-82-7099-447-2.
- Leira, V. 2007. Transkripsjon og retranskripsjon. *NN* 23:65–83.
- Lov om personnavn 2002 = LOV 2002-06-07 nr 19: Lov om personnavn (navneloven). Nettadresse: <http://www.lovdata.no/all/hl-20020607-019.html> [henta 25.7.2007].
- Lukjanjuk, K.M. (hovedredaktør) 2002. *Slovnyk prizvysjtsj. Praktytsjyj slovozmınno-orfohroftsjnyj* [Лук'янюк К.М. (Головний редактор): Словник прізвищ. Практичний словозмінно-орфографічний]. Tsernivitsi, 2002. [Ukrainsk etternavnleksikon med bøyingsformer for 30 000 navn, uten navneforklaringer. Med egen oversikt over bøyingsmønster. Ukrainsk tekst.] ISBN 966-7854-58-2 [ISO-form, for bibliotekssøk: Luk'ănük].
- Rundskriv 2002 = Det kongelige justis- og politidepartementet: *Rundskriv G-20/2002, 15. november 2002. Lov om personnavn. 7. juni 2002 nr. 19. Oslo 2002*. Papir- og nettutgave. Nettadresse: <http://www.regjeringen.no/nb/dep/jd/dok/rundskriv/2002/Rundskriv-G-2002.html?id=109097> [henta 25.7.2007].
- Shevelov, G.Y. 2002. Ukrainian. I: Comrie og Corbett 2002, s. 947–998.
- Språkrådet 2006a: *Transkripsjon av kyrillisk og nygresk*. Sist oppdatert 30.10.2006. Nettadresse: [http://www.sprakrad.no/Ordboeker/Andre/Transkripsjon\\_av\\_kyryllisk\\_og\\_nygresk/](http://www.sprakrad.no/Ordboeker/Andre/Transkripsjon_av_kyryllisk_og_nygresk/) [henta 14.6.2007].
- Språkrådet 2006b = Språkrådet: *Transkripsjon av ikke-russisk kyrillisk*. Versjon: VL 24.10.06; nettversjon. Under Språkrådet 2006a.
- Språkrådet 2006c = Språkrådet: *Transkripsjon av russisk*. Versjon: VL 6.2.05; nettversjon. Under Språkrådet 2006a.
- Språkrådet 2006d = Språkrådet: *Russiske navn*. Versjon: VL 26.4.06; nettversjon. Under Språkrådet 2006a.
- SSB 2007a = Innvandrerbefolkningen og personer med annen innvandringsbakgrunn, etter landbakgrunn og kjønn 1. januar 2007 [Rettet 25. mai 2007 kl. 12:22.] ; nettversjon; <http://www.ssb.no/emner/02/01/10/innvbef/tab-2007-05-24-05.html> [henta 14.6.2007].
- SSB 2007b = *Navnestatistikk, 2006. Hvor mange heter ....?* Nettside: <http://www.ssb.no/navn/>; lasta ned 19.7.2007.
- Ukrainian system 1996 = Report on the current status of United Nations romanization systems for geographical names. Compiled by the UNGEGN Working Group on Romanization Systems. Version 2.2, January 2003. Ukrainian. [også nasjonal standard for Ukraina] Nettadresse: [http://www.eki.ee/wgrs/rom2\\_uk.pdf](http://www.eki.ee/wgrs/rom2_uk.pdf) [henta 24.7.2007].
- Unbegaun, B.O. 1972: *Russian Surnames*. Oxford.
- Utne, I. 2005: Innpassing av nye navnekulturer i det norske folkeregisteret. *NN* 22: 75–96.
- Wade, T. 2004: *A Comprehensive Russian Grammar*. 2. ed., Malden, USA. ISBN 0-631-20757-0, ISBN-13 9780631207573.

# Bokmeldingar

Kåre Magne Holsbøvåg: *Tuss og troll i stadnamn. Nemningar for ymse vette i stadnamn frå Trøndelag, Nordmøre og Romsdal*. Hovudoppgåve i nordisk, Universitetet i Trondheim våren 1978. Utgjevi av Romsdal sogelag, Molde 2006. 200 s. ISBN10: 82-90169-84-1.

Kåre Magne Holsbøvåg hev vore trottg til å skriva artiklar um namn, ikkje minst lokalt, men òg i meldingsbladet åt Norsk namnelag, *Nytt om namn*. Det som sermerkjer stykki hans, er ikkje store ord og vågsame tolkingar, men nøktern vurdering og nærleik til det namnetilfanget han hev fyre seg. I samband med at han fylte seksti år i november 2006, gav Romsdal sogelag ut hovudoppgåva hans frå 1978, der han tek fyre seg stadnamn som inneheld nemne på gamle vette, i trøndelagsfylki og på Nordmøre og i Romsdalen.

Etter tvo fyreord (frå 1978 og 2006) og ei stutt utgreiding um målvaldet, som svarar til den sudlege luten av «den nordenfjeldske Række» hjå Aasen, kjem ein fyllug bolk um «Vettenemningar» (s. 16–48) der Holsbøvåg gjer greida for alle slike nemne han hev funne i stadnamni i dette området, bytte på «Landvette», «Vassvette» og restkategorien «Ymse vette». Her hadde yversyni tent på ei klårare innbolking av landvetti. Slik uppsetet er no, kjem yverkategoriari som «Gardvettet» på same topografiske nivå som einskildnemne som «Haugbu» og «Haugbukk».

Dette kapitlet er viktugt, for som Holsbøvåg segjer (s. 16), er det «i dag innfløkt og vanskeleg å få eit greitt oversyn over nemningsbruken og kva som løyner seg attom dei ymse nemningane». Det kjem av at vetti ofte flyt i hop, eller låner drag frå kvarandre; ikkje minst gjeld det når tradisjonen er åt å løysa seg upp, som var tilfelle alt då dei tok til å skriva ned folkeminne. Attåt kann det skifta frå stad til stad kva ein kallar vettet, t.d. er *godvetre* (-veiter i Namdalen), *skogsnerte* og *skogkjerring* alle nemne frå dette valdet på vettet som er vorte landskjent som *huldra*. Sume granskarar hev meint at ein alltid hev å gjera med eit anna vette når ein fær eit anna nemne; Holsbøvåg gjer klokt i ikkje å slutta seg til den synsmåten (s. 172).

Velkjende er dei mange nemni på gardvettet; frå denne landsluten fører Holsbøvåg upp *gardvord*, *haugbu*, *haugbukk*, *haugkall*, *tuft(e)(kall)* og *tuss(e)(kall)*, attåt meir eksotiske nemne som *bobbe* og *gosse*. Det no vanlege ordet *nisse* hev han berre funne i ei segn frå Olvundeidet, men som Holsbøvåg skriv, er det helst eit litterært ord, som han ikkje hev funne i stadnamn. «Nisse vart nytta i tradisjonen på Sørøstlandet,» skriv han (s. 28), men i framhaldet ber det gale av stad: «... og ordet hadde nok kome dit frå Tyskland over Danmark». Ordet *nisse* er truleg kome upp gjenom appellativisering av den dansk-svenske kjæleformi *Nisse* av karnamnet *Nils* og hev inkje med den tyske St. Nikolaus å gjera, utanum namnlikskapen (sjå artikkelen min i *Maal og Minne* nr. 2/2003). Når vettet hev fenge dette kjælenamnet, heng det saman med det Holsbøvåg skriv um at dette var eit vette det galdt å



standa på god fot med, jf. nemnet *godbonde* frå Nord-Noreg. Det forklårar òg dei mange nemni; «[d]et er nok tabunamn ein her har med å gjere», skriv Holsbøvåg (s. 31).

Det er elles sumt å utsetja på nokre av dei andre etymologiane åt Holsbøvåg. Når han skriv at «[n]jemninga skrømt har samanheng med vb. **skræme**» (s. 47), vert det rangt. Etter Alf Torp (*Nynorsk etymologisk ordbok*, s. 626) er *skrymt* ei *t*-avleiing av norr. *skruma* 'skryta' og tyder upphavleg noko som ser større ut enn det er i røyndi. Holsbøvåg gjeng sumtid heilt attende til det indoeuropeiske målstiget, og då vert fråstandet til indogermanistikken av i dag audsynt: Ordet *gyger*, gno. *gýgr* f., skal vera «laga til ei idg. rot ghuqh 'skjule'» (s. 23), og *nykk*, gno. *nykr* m., «synest å henge saman med ei rot **negu** 'vaske, lauge'» (s. 44). I dag skriv ein desse røtene helst \**g<sup>h</sup>eyg<sup>h</sup>*- og \**nejg<sup>h</sup>*-. Av einkvan grunnen skriv Holsbøvåg den norrøne sideformi av *þurs* m. «*tuss*» (s. 24, 164) – det rette skal sjølv sagt vera *þuss*. Etymologien til dette ordet er elles ikkje «uvis», som Holsbøvåg skriv: Etter Alf Torp (*op.cit.* s. 819) heng det saman med gno. *þyrja* «styrte larmende frem».

Når sume nemne kann få ei litt onnor form ved tilknytning til anna ordtilfang, som t.d. *tufs* for *tusp* for *tuss* (etter høvesvis *tufsen* og *tuspen* 'elendig, skral'), kallar Holsbøvåg det *avsporing* (soleis s. 24, 27 og 35). Det er uvant, men slett ikkje av vegen. I *avsporing* ligg det at ordet hev spora av, villa seg burt frå den upphavlege samanhengen sin. Det er eit teikn på uvissa i traderingi og kann i denne samanhengen setjast i samband med avviklingi av heile tradisjonen. Men det treng ikkje å vera soleis. Dersom Holsbøvåg hev rett i at *haugbukk* er ei *avsporing* av *haugbu* (< norr. *haugbúi*, s. 27), som baa er nemne for gardvettet, må det ha hendt medan tradisjonen var sterk og livefør.

Fyrr me kjem til sjølve namnesamlingi, hev Holsbøvåg eit kapittel som han hev kalla «Namne-gjeving» [*sic*] (s. 49–53). Den yverskrifti er ikkje heilt dekkjande, for det handlar ikkje berre um sjølve namngjevingsprosessen, men òg um bruket og funksjonen åt namni, um namnetap, den glidande yverganga millom proprium og appellativ, bundi og ubundi form, samansetjingsmåte og folkeetymologiar. I avsnittet um namnetap dryfter han um denne typen stadnamn hev lettare for å koma burt enn andre stadnamn. Det skil seg mest på um folk hev bruk for å nemna staden, meiner Holsbøvåg, men han ser at sogor um det som hev gjenge fyre seg på desse stadene, i mange høve kann ha hjelpt til å halda uppe namni. Når desse sogone kverv med den gamle trui, er det lett at namni vert burte òg. Sameleis må ein tru at stadnamni hev hjelpt til å halda uppe vettenemni, og at det kann vera med å tyda ut det store samsvaret Holsbøvåg finn millom namn og nemne.

Eit anna tilhøve som Holsbøvåg kjem inn på i dette kapitlet, er at *to* ulike namn kann vera nytta um same staden. I Drivdalen er det ein stein som sume hev kalla *Trollet*; andre hev kalla honom *Predikstolen*. Ved Gammelsætra på Vatn i Straumsneset er det eit far i berget som sume kallar for *Munkfaret*, andre for *Jutulfaret*. Det forvitnelege her er ikkje at det finst *to* ulike namn, men at det eine namnet finn uttyding i den gamle ovtrui, medan det andre knyter seg til kristendomen. Kann henda botnar dette skiftet av namn eller namnelekk i eit slag evfemisme, forfining av den gamle trui, men det kann òg tenkjast at det er parallelle namnelagingar som hev kome til i ulike miljø.

Gjenomgangen av stadnamni som inneheld vettenemne, utgjer den største luten av boki (s. 54–156). Framstillingi fylgjer dei ymse nemni, frå namni på *Troll-*, som det er flest av, fram til *Trollkatt-*, som finst i eitt einaste namn, *Trollkattommen* i Straumsneset. (Trollkatten var ein skapnad som trollkjeriingar sende ut for å suga mjølk or kyrne på andre gardar, for so å fara heim og spy upp mjølki.) For kvart nemne er stadnamni bytte på fylke og herad. Dei som vil finna fram til alle namn i «sitt» herad, lyt difor ganga til registret. Attåt sjølve namnet og (oftast) tilvising til kart gjev Holsbøvåg ei uttyding av namnet, gjerne i form av ei upphavssoga, um det finst. Det er noko ulikt kor godt kommenterte namni er. Her hev tilgangen på både skriftlege og munnlege kjeldor vore av-gjerande. Men etter di mange av namnetypane kjem att fleire gonger, fær lesaren eit godt inntrykk av tyding og serkje for tilfanget samla.

Det er lite å segja på dei namnetydingane Holsbøvåg gjev, men skulde eg kritisera honom for

noko, måtte det vera at han er for atterhalden med dei minst fantastiske uttydingane. Han styrer trygt undan den mot-trune lina åt Eivind Vågslid, og det er godt, men han kunde t.d. ha vore opnare for metaforisk bruk av ordet *troll*, d.e. tydingi 'vand, leid' i namn som *Trollbekken* eller *Trollkleiva*, og han kunde oftare ha rekna med jamføringsnamn, som spilar på den gamle trui, men som ikkje plent stadfester henne: Um ein stein vert kalla *Jutulen* med grunn i skapet, fyreset namnet kjennskap til fyrestellingane um jutlar, men det krev ikkje blind tru på at desse skapnadene finst. Det er i grunnen typisk når Holsbøvåg skriv at eit namn som *Trollsteinen* helst viser til «steinar som trolle har kasta», eller kann vera «steinar der det har budd troll» (s. 158). Han nemner ikkje høvet for at det kann vera jamføringsnamn, eller at steinen kann ha lege i vegen for folk og soleis vore «eit troll til stein».

Eit anna ankepunkt er at Holsbøvåg for lett triv til *ellipse*, d.e. nedstyting ved at ein lekk er utelaten eller tenkt attåt i eit ord eller namn. Han skriv t.d. at *tufte* er ei elliptisk laging til samansetjingi *tuftekall* (s. 29). Det er tvilsamt. I røyndi er nok *tuftekall* heller ei utviding av *tufte*, likeins som t.d. *tuss(e)kall* til *tuss(e)*. Ved namnet *Trollfoten* hermer han ei segn um ei trollkjering som sleit av seg foten og sende etter ein. Holsbøvåg skriv: «Er det trollkjerring som ligg til grunn for namnet, må namnet vere ei elliptisk laging» (s. 58). Men ei trollkjering er vel troll, ho òg?

Holsbøvåg tek med både primærlagingar og relasjonsnamn, og både eldre namn og nyare, nasjonalromantisk inspirerte namn. Det er godt, for det er ikkje alltid like lett å avgjera kva som er primært og sekundært (ofte er òg primærnamnet kvorve), og eit namn som ser nyare ut, kann stundom vera gamalt, eller hava eldre fyregangarar. Ein kann vel òg meina at nyare namn fortener merksemd. Av det siste slaget talar Holsbøvåg um «turistnamn», som *Trollheimen* på deilet millom Nordmøre og Trøndelag. Dette namnet kom til um lag 1880 etter mynster av *Jotunheimen*, eit anna turistnamn, som Aasmund Olavsson Vinje skapte i 1860-åri.

Langt dei fleste namni med vetteneinne er naturnamn; det er namn på fjell og dalar, steinar og skard, tjørner og vatn. Men her finst òg nokre gards- og bruksnamn, t.d. *Trollmyra*, gnr. 14 i Nesset, og *Jutulen*, bruk under gnr. 9 i Gjernes. I dei fleste tilfelle sviv det då um opphavlege naturnamn, som i desse dømi, men det hender òg at dei hev vorte til som bruksnamn, t.d. gjeld det den kjende *Jutulstuggu* på Uv i Rennebu som Vinje nemner i *Ferdaminni*; der er det lokal tradisjon for at det budde jutlar i stova.

At det er ein samanheng millom etterlekken og vetteneinne som er fyrelekk i dei samansette namni, fær Holsbøvåg godt fram i kapitlet som fylgjer etter gjenomgangen av dei einskilde namni (s. 157–171). Det er sjølvsagt ikkje tilfelleleg at dei vanlege etterlekkane i namn på *Nykk-* er *-tjørna* og *-vatnet*. Dette kapitlet hev fenge ei misvisande yverskrift: «Som sisteledd». Ein kunde tru det var vetteneinne nytta «som sisteledd» det galdt, men det er i staden sistelekkane i namni med vetteneinne i fyrelekken. (I innhaldslista hev det vorte rett; der stend berre «Sisteledd».) Attåt kjem at dette kapitlet inneheld meir enn ei utgreiding um sistelekkane; som det heiter i baksideteksti, vert «ein del aktuelle problemstillingar drøfta». Det gjeld m.a. tilhøvet millom det Holsbøvåg kallar «folketru» og «fantasering»: I kva mun vitnar stadnamni med vetteneinne um tru på vetti, og i kva mun botnar dei berre i fantasering kring ovringar i naturi? (Jamføringsnamn er eit godt døme på det siste.) Og Holsbøvåg tek upp tilhøvet millom tradisjon og stadnamn: Var det særskilt sterk tru i strok med mange stadnamn av dette slaget? Han dryfter alderen på namni og grunnar til at sume fyrelekkar er vanlegare enn andre, og han spyrr seg um ein kann lesa noko ut or utbreidingi av namni.

På det siste punktet kunde ein ha ynskt seg meir handfaste tal for dei ymse vetteneinne i tilfanget, med syn for geografisk variasjon. Ei snøgg uppteljing, der audsynte relasjonsnamn og nyare namn er haldne utanfyre, syner at det skifter mykje kor mange stadnamn kvart nemne hev tilknytt seg: Namnelekken *troll* dominerer heilt med yver 200 namn, *jutul* kjem på ein god andre plass med 120 namn, so fylgjer *tuss(kall)* med 47 namn, *hulder* med 25, *haugbukk* med 15, *gyger* med 13 og *draug* med 11. Til alle dei andre 28 nemni finst det mindre enn ti namn, dei fleste under fem. Ikkje uventa

er det dei vettenemni som er mest ålmenne i tyding og vanlegast i bruk, som er rikast representert. Sume vettenemne finst berre i stadnamn i ein lut av valdet som Holsbøvåg hev røkt etter: Namn med *haugbu* hev han berre funne på Nordmøre og i Romsdalen (3 dømme) og *haugbukk* berre i Romsdalen (15 dømme). Likeins er namn på *godveiter* og *skogkjering* (båe nemne på huldri) avgrensa til Nord-Trøndelag (4 og 5 dømme). Som Holsbøvåg er inne på (s. 171), høver det godt med utbreidsla som desse nemni hadde i den munnlege tradisjonen.

Det er synd å melda at dette siste kapitlet i boki endar med ei sjølvmotsegjing: «Ein har ikkje dømme på at ein finn ei vettenemning i stadnamn der ein ikkje har vitnemål om at nemninga har vorte nytta i målføret», men (i setningi etter): «Leddet gyger kan ein finne i stadnamn på stader der gyger ikkje var i bruk då dei tok til å samle inn folkeminne. Likeins er det med *haugbu*» (s. 171). Til dette er det òg å segja at eit stadnamn i seg sjølv er eit vitnemål um at vettenemnet hev vore nytta i målføret.

Eit godt dømme på at stadnamn kann hava eit sjølvstendig verde i rekonstruksjonen av den gamle folketrui, gjev Holsbøvåg for gardvettet *haugbukken* i Romsdalen. I den munnlege tradisjonen hev *haugbukken* flote ut og fenge eit meir ålment tydingsinnhald ‘underjordisk’, og når ordet i dag vert nytta av romsdalingar (og nordmøringar!) um ein toskut person, hev vel assosiasjonane gjenge til ordet *hau* (*hovud*), som Holsbøvåg slær frampå um (s. 28). I stadnamn finn Holsbøvåg derimot det gamle tilhøvet: *haugbukk*-namn er namn på lokalitetar som ligg nære gardane, og det syner at me hev med gardvettet å gjera (s. 140). – Eit dilikt tilfelle hev me ved fjellnamnet *Tussan*, som finst tvo stader på Nordmøre (s. 125 f.). Det speglar den eldre tydingi av ordet *tuss*, som me finn i norrønt mål, der *þursar* var synonymt med *troll* eller *jotnar*. I nyare folketru er *tussane* aldri store, ofte beint fram småe, og høver dåleg til å jamføra fjell med.

Tankevekkjande er det Holsbøvåg skriv um namnet *Trollkyrkja*, som finst mange stader og er kjent alt i dei gamalislenske sogone: «Det kunne ikkje vere den kristne guden dei dyrka, for dei tolde ikkje lukta av kristenmannsblod. Her viser då sisteleddet kvar trolle pla samlast» (s. 158). Med andre ord hev *kyrkja* her ei meir ålmenn tyding ‘forsamlingshus’ eller ‘forsamlingsstad’ – noko å tenkja på for Bibelselskapet, som i den nye bibelumsetjingi hev bannlyst ordet *kyrkjelyd* – eller for deim som ikkje vil høyra tale um «muslimske kyrkjelydar»?

Boki endar med eit stutt sluttord og listor yver litteratur, heimelsmenner og avstytingar. Dessutan hev Holsbøvåg laga tvo fine kart yver nemne for «underjordskvinnfolket» (huldri) og stadnamn med *dverg*. Endeleg hev utgjevaren, Romsdal sogelag ved Bjørn Austigard, laga ein bibliografi yver dei prenta arbeidi åt Holsbøvåg og eit fyllugt register. Det hev vorte ei vakker bok, som ikkje minst merkjer seg ut med mange bilæte, både fotografi av mange av stadene som er umtala, og livfulle teikningar av dei ymse vetti, slik teiknarar frå det fyrre hundradåret såg deim fyre seg. Dei fleste er det Jens R. Nilssen (1880–1964) som stend attum, teiknaren som illustrerte *Tuss* og *troll* i mange år.

Eg trur boki hadde vunne på stramare redigering og nøgnare umarbeiding. Slik boki no ligg fyre, minner ho for mykje um hovudoppgåva frå 1978, t.d. er ordet *oppgåve* nytta gjenom heile boki. Dei nye opplysningane som er komne til, er ofte sette i parentes til slutt i avsnitti i staden for å verta innarbeidde i teksti, og ikkje eingong synberre mistak hev vorte retta upp. Eit dømme på det er namnet *Bergkalløypet* i Rauma, som er oppført på s. 120 med ei mogeleg uttyding um at «ein bergkall [...] har fare ned her og laga ei slik renne». So kjem det til slutt, i parentes: «Eg har i ettertid fått vete at namnet truleg er ei misforståing av Berghall-løypet. Berget hallar jamt her.» På s. 131 les me um namnet *Huldersteinen* i Midsund. Når me blader um, fær me i ei bilættekst vita at «[d]et viste seg på synfaring 23.8.2006 at namnet har fleirtalsform», d.e. *Huldersteinan*. I ei bilættekst på s. 143 kann me lesa um eit namn – *Dvergstu* i Nærøy – som ikkje er nemnt i sjølve teksti. Yversyni yver etterlekkane endar med ein merknad um at «[o]versikta er ikkje heilt ajourført p.g.a. namnetilføygingar [*sic*] etter at oppgåva var skriven» (s. 161).

Holsbøvåg er rimeleg stød i nynorsk, men diverre er boki skjemd av mange banale feil. Det er mange døme på at komma vert fylgt av stor fyrebokstav, til dømes. Eg saknar metaspråkleg markering (kursivering) av namn og nemne – det lettar lesingi. Ljodskrifti er heller ikkje god allstad; her finst [tre'!;e] og [trelj! haun] på same sida (s. 79). Denne formuleringi burde òg vore luka ut: «I somme stadnamn som heiter Trolltjørna, ...» (s. 157). – Vonleg kann Holsbøvåg få høve til å bøta på dette i ei ny utgåva, for dette er ei forvitneleg bok som truleg vil fengja mange lesarar som ikkje lenger hev fyrstehands kjennskap til tuss og troll, men som gjerne vil gjera seg kjende i landskapet åt den gamle folketrii.

*Klaus Johan Myrvoll*

Myrvoll, Klaus Johan, Masterstudent i norrøn filologi (Oslo). Adr.: Nedre Ullevål 9 – 312, NO-0850 OSLO.



## Tilsend litteratur

- Eldblad, Anita m.fl. (red.) 2006: Sveriges medeltida personnamn. Häfte 15. Ingeborgh–Iogærdh. Uppsala: Institutet för språk och folkminnen. 110 s.
- Entzenberg, Sonja 2006: "Det får ju vara någon ordning på torpet!" Svenska personnamnsregler i ett historiskt perspektiv. Uppsala: Språk- och folkminnestinstitutet. Småskrifter 2. 82 s.
- Fridell, Staffan 2006: Ortnamn i stilistisk variation. Uppsala: Kungl. Gustav Adolfs Akademien för svensk folkkultur. 166 s.
- Hagberg, Johnny (red. 2007): Språk och lag. En vänskrift till Per-Axel Wiktorsson på 70-års dagen 16 mars 2007. Skara: [Eige forlag]. 94 s.
- Hallaråker, Peter 2006: Vegar og namn. Veg- og gatenamnleksikon for Møre og Romsdal. Volda: [Eige forlag]. 319 s.
- Hoel, Kåre 2005: Bustadnamn i Østfold. 6. Askim. Redigert av Margit Harsson. Oslo: Novus forlag. 279 s. + faksimile og kart.
- Hoel, Kåre 2007: Bustadnamn i Østfold. 7. Tune. Redigert av Tom Schmidt. Oslo: Novus forlag. 448 s. + faksimile og kart.
- Maal og Minne 2006 hefte 2; 2007 hefte 1. Oslo. S. 97–223; 1–117.
- NAMES. Journal of the American Name Society Vol. 51, [hft.] 1–2, s. 1–159; Vol. 53, [hft.] 1–3, s. 1–256; Vol. 54, [hft.] 3–395; Vol. 55, [hft.] 1–2, s. 1–191. DeKalb 2003; 2005; 2006; 2007.
- Namn och bygd 92. Uppsala [2004]. 211 s.
- Neumüller, Kristina 2007: Vattensjön och Vattenån. Samband mellan sjönamn och ånamn i Medelpad. [Doktoravhandling]. Uppsala: Kungl. Gustav Adolfs Akademien för svensk folkkultur. 226 s.
- Nytt om namn. Meldingsblad for Norsk namnelag 37; 38; 39; 40; 41; 42; 43; 44; 45. 2003; 2003; 2004; 2004; 2005; 2005; 2006; 2006; 2007. 58 s.; 68 s.; 63 s.; 64 s.; 77 s.; 84 s.; 82 s.; 95 s.; 67 s.
- Onoma. Journal of the International Council of Onomastic Sciences 39. Uppsala 2004. 203 s.
- Peterson, Lena m.fl. (red.) 2006: Namn och runor. Uppsalastudier i onomastik och runologi till Lennart Elmevik på 70-årsdagen 2 februari 2006. Uppsala: Uppsala universitet. 298 s.
- Rivista Italiana di Onomastica 9:1–2, s. 1–804; 10:2, s. 375–757; 11:2, s. 279–654; 12:1–2, s. 1–751; Vol. 13:1, s. 1–418. Roma 2004; 2005; 2006; 2007.
- Studia anthroponymica Scandinavica. Tidskrift för nordisk personnamnsforskning. 23. Uppsala 2005. 150 s.
- Særheim, Inge 2002: Frå Feisteinen til Napen. Stadnamn i Rogaland. Stavanger: Stavanger Turistforening. 220 s.
- Særheim, Inge 2007: Stadnamn i Rogaland. Bergen: Fagbokforlaget. 303 s.
- Tetzschner, Rúna K. 2006: Nytjar í nöfnum. Örnefni í nágrenni Hólar í Hjaltadal. Hólar í Hjaltadal: Hólarannsóknin, Örnefnastofnun Íslands. 146 s.
- Wahlberg, Mats (red.) 2003: Svenskt ortnamnslexikon. Utarbetat inom Språk- och folkminnesinstitutet och Institutionen för nordiska språk vid Uppsala universitet. Uppsala: Språk- och folkminnesinstitutet. 422 s.
- Zunamen. Zeitschrift für Namenforschung. Heft 1 2006. Hamburg. 104 s.



## Medarbeidarar i årgang 23

- Ainiala, Terhi, f. 1967. Fil. kand. 1991 (Helsinki), fil. dr. 1997 (Helsinki). Specialforskare, docent. Adr.: Mellangårdvägen 92 B, FI-00660 Helsinki.
- Leira, Vigleik, f. 1931. Cand.philol. 1968 (Oslo). Pensjonert rådgjevar Språkrådet. Adr.: Ragnhild Schibbyes Vei 14, NO-0968 Oslo.
- Myrvoll, Klaus Johan, f. 1981. Masterstudent i norrøn filologi (Oslo). Adr.: Nedre Ullevål 9-312. NO-0850 Oslo.
- Paikkala, Sirkka, f. 1953. Fil. kand. 1980 (Helsinki), fil. dr. 2004 (Helsinki). Specialforskare vid Forskningscentralen för de inhemska språken i Finland. Docent vid Helsingfors och Åbo universitet 2005. Adr. Skiffervägen 2 A 14, FI-00710 Helsinki.
- Sandnes, Jørn, Cand. philol. 1953 (Oslo), dr.philos. 1971 (Trondheim). Professor emeritus.
- Særheim, Inge, f. 1949. Cand.philol. 1978 (Bergen), dr.philos. 2000 (Bergen). Professor. Adr.: Liljevegen 1, NO-4060 Kleppe.
- Utne, Ivar, f. 1954. Cand.philol. 1980 (Oslo). Amanuensis. Adr.: Grønnevollen 16, NO-5016 Bergen.





# Manuskript til Namn og Nemne

Redaksjonen vil helst ha manus på diskett, eventuelt maskinskrive med dobbel lineavstand og brei venstre marg. Papirformatet bør vere A4. Mindre tillegg kan skrivast mellom linene (ikkje i margen). Lengre tillegg eller rettingar skal skrivast på eigne A4-ark. Ved retting i manus skal ikkje korrekturteikn nyttast.

Sitat som er lengre enn tre maskinskrivne liner skal skiljast frå teksten ved innrykking.

Fotnotar (merknader) bør brukast så lite som råd; dei bør oftast takast inn i teksten. Eventuelle fotnotar skal samlast i slutten av artikkelen. Nummertilvisingane i teksten skal ikkje ha parentes kring seg og dei skal plasserast etter skiljeteikn.

Litteraturtilvisingane skal om mogleg gjerast ved forfattarnamn og utgjevingssår. Døme: ... (Indrebø 1924:98), eller: Gustav Indrebø (1924:98) meiner ..., eller: Som opplyst i Indrebø 1924:98, ... Arbeid som er fotografisk oppattprenta skal siterast etter originalutgåva (av forskingshistoriske grunnar), altså ikkje Olsen, M. 1978. Torp, A. 1963, Aasen, I. 1918 eller 1977. Allment kjende tidsskrift bør ha forkorta titlar (t.d. ANF, APhS, MM, NoB, SvLm); det same kan gjelde kjende seriar (t.d. DS [Danmarks Stednavne], NG [Norske Gaardnavne], men då med tilvising til forfattar eller utgjevar. Undertitlar og serieopplysningar trengst til vanleg ikkje.

## Døme:

Hovda, P. 1966: Norske elvenamn. Oslo – Bergen.

[Hovda, P.] 1978: Frå hav til hei. Oslo – Bergen – Tromsø.

Indrebø, G. 1921: Stadnamni i ei fjellbygd. MM 1921.113–210.

Indrebø, G 1924: Norske Innsjønamn. 1. Oslo.

Indrebø, G 1936a: Hordaland – Hordafylke. Bidrag till nordisk filologi tillägnade Emil Olsson den 9 juni 1936 72–77. Lund – Köpenhamn.

Indrebø, G. 1936b: Nokre fjellnamn i Sogn. MM 1936.36–75.

Indrebø, G. 1938: Þinghá. NoB 25.1–17.

Olsen, M. 1926: Ættegård og helligdom. Oslo.

NG: Sjå Rygh. O.

Rygh. O. 1905; 1909; 1910: Norske Gaardnavne. 16; 5; 11. Kristiania.

Torp. A. 1919: Nynorsk etymologisk ordbok. Kristiania.

Aasen, I. 1873: Norsk Ordbog. [2.] Udg. Christiania.